

Krista Indrehus

«Eg er berre bergensar når eg snakkar med systema mi»

Ein kvalitativ studie av samanhengen mellom identitet og talemål hos  
bidialektale.

Masteroppgåve i nordisk språk

Trondheim, våren 2014

Norges teknisk-naturvitenskaplege universitet

Humanistisk fakultet

Institutt for språk og litteratur



## **Takk**

Takk til Brit Mæhlum, mitt førebilete og min fenomenalt flinke rettleiar.

Takk til Marianne, min omsorgsfulle og oppmerksomme mamma.

Takk til Rune, min snille pappa og grundige korrekturlesar.

Takk til Reinert, min kjekke storebror.

Takk til tante Nøtta, min garanti for at ein kveld med god mat og moderleg omsorg alltid kan vere rett rundt hjørnet.

Takk til Besta, min trufaste brevvenn gjennom seks år i Trondheim.

Takk til Line, min gode venn og samtalepartner.

Takk til Hanna, min gode, lojale og morsomme venn.

Takk til Øyvind, min medfilosof og -observatør.

Takk til Gudrun, min fabelaktige alltid-der.

Takk til Anders, min daglege dose med nye perspektiv, nye vitsar og nydelege middagar.

Sist, men ikkje minst: Takk til Gunn og Eli på instituttet for at de alltid gir god hjelp og store smil til ein noko fortumla student.



# INNHOOLD

<b>DEL I – FØR UNDERSØKINGA.....</b>	<b>7</b>
KAPITTEL 1.0 - INNLEIING .....	7
KAPITTEL 1.1 - MINE AMBISJONAR OG MOTIVASJONAR .....	8
KAPITTEL 1.2 - STRUKTUR PÅ OPPGÅVA .....	10
KAPITTEL 2.0 - FØRESTILLINGA OM DEN NORSKE SPRÅKKAMELEONEN .....	11
KAPITTEL 3.0 - KORLEIS DEFINERE BIDIALEKTISME?.....	13
KAPITTEL 4.0 - KORLEIS HENG SPRÅK OG IDENTITET SAMAN?.....	19
KAPITTEL 5.0 - TIDLEGARE FORSKING .....	27
KAPITTEL 5.1 - HAAVIK NILSEN 2005 .....	28
KAPITTEL 5.2 - KLYNDERUD 1999.....	29
KAPITTEL 6.0 - METODE.....	31
<b>DEL II - ANALYSE .....</b>	<b>37</b>
KAPITTEL 7.0 – INNLEIING.....	37
KAPITTEL 7.1 – DET ANALYSEMETODISKE .....	39
KAPITTEL 7.2 – INFORMANTPORTRETT .....	41
KAPITTEL 7.3 - DAGENS VEKSLINGSMØNSTER.....	45
KAPITTEL 7.4 - BAKGRUNNEN FOR DEN BIDIALEKTALE KODEVEKSLINGA – KORLEIS STARTA DET? .....	49
KAPITTEL 7.5 - METALINGVISTISK MEDVIT – «KORLEIS FRAMSTÅR EG PÅ DEI ULIKE DIALEKTANE MINE?» .....	55
KAPITTEL 7.6 - ER DIALEKTANE «EKTE»?.....	63
<i>Kapittel 7.6.1 - Skuldkjensle og skam .....</i>	<i>71</i>
KAPITTEL 7.7 - KODEVEKSLING OG MOR-DOTTER-RELASJONEN .....	75
<i>Kapittel 7.7.1 - Bidialektisme som inkludering, ekskludering og relasjonsmarkør.....</i>	<i>85</i>
KAPITTEL 8.0 – AVRUNDANDE REFLEKSJONAR .....	89
<b>LITTERATUR .....</b>	<b>91</b>
<b>VEDLEGG - INTERVJUGUIDE .....</b>	<b>95</b>
<b>SAMANDRAG .....</b>	<b>97</b>



# DEL I – FØR UNDERSØKINGA

## Kapittel 1.0 - Innleiing

”Dottera mi er ein språkkameleon”, utbraut ein far i ein augneblink av innsikt og fascinasjon. Han heldt på å forklare ein venn om korleis dottera hans veksla mellom to norske dialektar til forskjellige personar og i ulike situasjonar. Kameleonen kan skifte farge, ei fascinerande evne som har bidrege til at øgla er såpass velkjent. Å skifte mellom to norske dialektar er tydelegvis også eit fascinerande fenomen, noko eg forstår av reaksjonane eg får når eg fortel om emnet for masteroppgåva mi. Historia om faren og dottera er berre ei av mange som eg har fått servert av ivrige observatørar av bidialektisme. Ordet går om jenta som ser deg i augo og fortel deg noko på bergensk, men som snur hovudet og svarer nokon andre i rommet på ei dialekt frå Troms. Likeeins går ordet om guten som senkar stemma når han får ein telefon frå nær familie, sidan han då blir sørlending og ikkje vil støyte dei i rommet som kjenner han som trønder.

På trass av engasjementet ein samtale om bidialektisme utløyser, veit vi lite om den norske bidialektale språkbrukaren. Det er med andre ord eit spennande og nærast uskildra område eg har bestemt meg for å gå inn i. Nokre umiddelberre spørsmål melder seg, og dei går på sjølv eksistensen til den norske bidialektale. Ein venn av meg fortalte om ei jente som veksla mellom trøndersk og bergensk i ein samtale mellom han sjølv og ein annan. Kommentaren hans til dét var: «Eg trur vi alle *forstår* deg, så du treng ikkje å skifte dialekt». Her gir han uttrykk for noko som synast å vere ei vanleg tolking av språkpraksisen til den norske bidialektale. I Noreg er dialektane gjensidig forståelege, og det er stor aksept for (og kanskje også ei forventning om) at ein skal kunne bruke si opprinnelege dialekt i dei fleste situasjonar. Å sikre kommunikasjon ser altså ikkje ut til å vere den bidialektale sitt hovudmål. *Kvifor* er nokre personar bidialektale her i landet? Oppnår dei noko ved å veksle mellom to dialektar? Eller er dei to dialektane viktige for identiteten, i kraft av å ha affeksjonsverdi og symbolverdi?

## Kapittel 1.1 - Mine ambisjonar og motivasjonar

Ambisjonen min med denne oppgåva er å utforske nokre samanhengar mellom enkeltpersonars bidialektale praksisar på ei side, og identiteten og dei sosiale relasjonane deira på den andre. På denne måten håpar eg å få ei meir mangesidig forståing av kva bidialektisme er, og *korleis* og *kvifor* den enkelte «praktiserer» bidialektismen sin. Ved å spørje om motivasjonane den bidialektale har for å veksle mellom to dialektar ynskjer eg også å finne ut korleis ein kan oppleve det å vere bidialektal, og korleis andre kan reagere på det. Med andre ord ynskjer eg å finne nokre svar på kva dei to dialektane kan *bety* for den enkelte, og korleis han eller ho har moglegheit til å forme og analysere seg sjølv gjennom dei.

Eg har djupintervjua fire informantar om deira opplevingar med å vere bidialektal, og motivasjonane deira for å veksle mellom dei to dialektane. I tillegg brukar eg Haavik Nilsen (2005) si hovudoppgåve om bidialektisme som ei viktig kjelde i arbeidet. Utgangspunktet for oppgåva mi føreset at vi ser språk som ein måte å uttrykkje identitet på. I dette perspektivet blir det å bytte mellom dialektar ein *ekstra* «kanal» å «skape seg sjølv» gjennom. Denne litt diffuse prosessen treng eit dekkjande omgrep. Haavik Nilsen (2005:7) brukar ordet «identitetsrealisering». Ho meiner at verken «identitetsfølelse» eller «identitetsopplevelse» skildrar meiningsinnhaldet godt nok (ibid). «Jeg ville ha et ord som uttrykket noe om hvordan en dialektveksler eller språkveksler føler at han eller hun får *satt seg selv ut i livet* når vedkommende har to måter å gjøre det på» (ibid). Eg vel i denne oppgåva å vidareføre Haavik Nilsen sitt omgrep, sjølv om eg enkelte stader vil bruke ord som identitetsoppleving, identitetsoppfatning og identitetskjensle.

### *Mi eiga tilknytning til fenomenet bidialektisme*

Eg har sjølv opplevd meg som bidialektal sidan barndommen, noko eg alltid har vore medviten om. Det er truleg ein stor del av grunnen til interessa mi for emnet, og til at denne oppgåva har blitt til. Eg har ikkje tenkt å bruke mykje plass på å snakke om mi eiga historie her, men vil for ordens skuld gi ein kort presentasjon, sidan mine eigne erfaringar med å vere bidialektal nødvendigvis er viktige for kva innfallsvinklar eg har til temaet.



Dialekta på heimlassen min, Bømlo, skilde seg merkbart frå dialekta foreldra mine, broren min og eg snakka. Mor mi kjem frå tettstaden Davik i Nordfjord, og snakkar ei dialekt som ligg tett mot den lokale varietetten. Far min er frå øya Hovden utanfor Florø i Sunnfjord, og snakkar ei dialekt som ligg nære Florømålet. Både eg og broren min snakka ein slags «hybridvarietet» i barndommen, med tydelege innslag av nordfjordsk, sunnfjordsk og sunnhordlandsk, med skarre-r. Eg fekk høyre av mange at eg måtte vere bergensar, og det kan godt tenkjast at varietetten likna på bergensk for eit «utrent» øyre. Sjølv meinte eg at dialekta mi var udefinierbar, men likefullt ei dialekt som skilde seg *klart* frå den lokale dialekta i kommunen der eg budde.

I niårsalderen tok eg eit aktivt val – eg syntest det var flaut å snakke høgt i skuletimane (jamfør «anklagene» om å snakke bergensk), og ville byrje å bruke bømblamålet både med familie og venner. Eg kjente jo dialekta godt – utfordringa var at eg kunne «gløyme» meg. Det var rett nok litt lettare å leggje om når eg snakka med vennane mine, og i klasserommet vart bømbladialekta fort mi føretrekte og mest naturlege dialekt. Eg prøvde å snakke bømbladialekt med familien, men fann fort ut at det ikkje «stemte». Det resulterte i at eg heldt på den opprinnelege dialekta med familien, samtidig som eg snakka bømbladialekt med vennane mine. Akkurat det vart litt problematisk for meg, og eg gjekk inn for å skjule dialektvekslinga. Det var noko med å la folk høyre den andre dialekta som kjentest ukomfortabelt. Dette på trass av at eg fekk tilbakemeldingar frå foreldra mine om at eg kunne snakke akkurat slik eg ville, og at det var heilt naturleg dersom eg, som var oppvaksen på Bømlo, snakka bømbladialekt.

Konsekvensen av det nye språkmønsteret mitt var at eg ikkje visste kva eg skulle gjere dersom begge dialektane var forventta av meg samstundes, og eg kunne til dømes ikkje ha foreldra mine til stades på skuleframføringar dersom eg skulle snakke høgt. Ubehaget ved at nokon skulle høyre meg snakke «feil» dialekt var så sterkt at eg ville gå langt for å unngå situasjonar der eg måtte gjere det. I dag er eg glad i begge dialektane, og brukar begge to omtrent like ofte. Sjølv om det har blitt enklare med alderen, kjenner eg fortsatt at det kan vere vanskeleg å vere samtidig i lag med folk som forventar kvar si dialekt av meg. Sidan Haavik Nilsen (2005) finn mykje av det same (sjå kapittel 5 og kapittel 7), både hos seg sjølv og hos informantane sine, er det ikkje til å stikke under stol at eg har vore interessert i om

mine informantar har hatt det på same måten. Det kan ha styrt nokre av spørsmåla eg har stilt. Eg har imidlertid vore oppteken av at det ikkje skulle styre analysen min, og har vore nøye med å vere open for alt informantane mine har fortalt meg (sjå kapittel 6).

## **Kapittel 1.2 - Struktur på oppgåva**

Oppgåva er delt i to hovuddelar, der den fyrste delen inneheld bakgrunnen og føresetnadane for analysen og undersøkinga. Analysen har fått plass i del II. Eg gir ei meir detaljert skildring av kva som er å finne i dei ulike kapitla under. God lesbarheit og effektivitet er to av ideala eg har strekt meg etter. På grunnlag av dette ville eg i utgangspunktet ikkje ha eit stort og omfattande teorikapittel i avhandlinga mi, sidan det er ein fare for at dette fører til mange gjentakingar. Det kjennest meir naturleg å la teorien fungere i eit vekselvirkande forhold med empirien i analysekapitla, sidan det då kan vere enklare å sjå samanhengen mellom dei to. På den andre sida meiner eg at det kan vere nyttig å få ei oversikt over det teoretiske rammeverket *før* analysen. Dessutan er nokre av temaa eg tar opp såpass viktige for oppgåva, og dessutan så komplekse, at eg har gitt dei ekstra merksemd. På grunnlag av dette har eg valt å behandle nokre teoretiske aspekt i eigne kapittel, *før* analysen. Kapittel 3 og 4 er derfor slike temmeleg «teoritunge» kapittel, men det er berre dei grunnleggjande temaa eg tek opp der. Såleis blir andre teoretiske aspekt presentert for fyrste gong *i* analysen.

### *Del I*

Del I er delt i 6 kapittel, som omfattar omgrepsavklaringar, teori, tidlegare forskning og metode. I kapittel 2 brukar eg plass på å utforske nokre førestillingar om bidialektisme. Dette gjer eg for å vise kva spørsmål eg har stilt meg, og vonleg for å få lesaren til å spørje seg om noko av det same. I kapittel 3 ser eg på kva vi kan lære om bidialektisme ved å støtte oss på tospråklegheitsforskinga. I kapittel 4 ser eg på ulike teoriar om korleis språk og identitet heng saman, medan kapittel 5 tek føre seg tidlegare forskning. I kapittel 6 greiar eg ut om metodeval og -utfordringar.

### *Del II*

Del II av oppgåva tek fyrst føre seg det analysemetodiske og presentasjonen av informantane, før dei viktigaste funna frå intervjua blir presentert. I kapittel 7.0 er rekkjefølgjen og

disposisjonen nærare skildra. I kapittel 8 rundar eg av oppgåva ved å trekkje fram nokre essensielle aspekt ved det eg kom fram til i analysen.

## Kapittel 2.0 - Førestillinga om den norske språkkameleonen

I dette kapittelet vil eg plukke opp igjen den fascinerte faren eg omtalte i innleiinga, som observerte dottera, «kameleonen», sin måte å snakke på. Metaforbruken til faren er interessant, og kan kanskje fortelle oss noko om korleis dialektvekslarar blir oppfatta av sine omgjevnader. Ved å sjå nærmare på kva som kjenneteiknar ein kameleon, kan vi kanskje også forstå korleis folk kan oppleve motivasjonen og føremålet til den bidialektale. I dei følgjande avsnitta vil eg ta for meg dei funksjonane fargeskiftet til kameleonen har, og undersøke korleis øglemetaforen kan forhalde seg til bidialektisme. Slik vil eg gi ein smakebit på nokre av dei interessante aspekta, og vise fram nokre av spørsmåla det går an å stille seg om temaet.

Med langsame rørsler smyg den eksotiske kameleonen seg rundt i buskar og tre. Sjølv om han skiftar farge fyrst og fremst i eit signalsystem i konkurransen om makar, er det likevel kamuflasjefunksjonen som er best innarbeidd i førestillinga om kvifor denne øgla gjer som ho gjer. Kamuflasje er ein måte å gli i eitt med omgjevnadane på, så ein unngår å bli oppdaga. Set vi likskapsteikn mellom det å skifte dialekt og det å kamuflere seg, ser vi i same sekund samanhengen mellom språkleg uttrykk og identitet. Denne samanhengen er openberr for mange, og også svært viktig for dette arbeidet. Ein far høyrer dei to dialektane til dottera si, og tenkjer at ho har tileigna seg dei for å passe effektivt inn i ulike omgjevnader. Men tankegongen hans inneber også at jenta *skjuler* ein del av seg sjølv i det ho sluttar å bruke den eine av dialektane. Denne assosiasjonsrekkja utløyser nokre spørsmål om korleis vi opplever forholdet mellom identitet og talemål, både i eit eksternt og eit internt perspektiv. Den interne delen femnar spørsmål som har med individets sjølvrefleksjon å gjere. Er dialekta nært knytt til den opplevde identiteten? Endrar identiteten seg når dialekta endrar seg? Kan det tenkjast at ulike deler av identiteten er knytt til dei ulike dialektane? Den eksterne delen famnar dei opplevingane *andre* har av kva som skjer i det den bidialektale skiftar dialekt. Vil dei oppleve at den bidialektale er *seg sjølv* på begge dialektane?

Også om vi ser på den andre viktige funksjonen til kameleonen sitt fargeskifte, nemlig signalfunksjonen, finn vi interessante konnotasjonar. Hannkameleonen skiftar farge for å skremme motstandarar, og for å be om nåde dersom han tapar ein kamp. Hokameleonen, på si side, endrar valør for å vise at ho er klar for paring. Desse signala blir gitt for å *oppnå* noko, for å sende signal om eit ynskje eller behov. På same måte kan ein bidialektal bli mistenkt for å ville oppnå noko ved å skifte dialekt, at vedkomande vil kommunisere *meir* enn berre dei orda som kjem ut. Kalkulerer den bidialektale med forventna reaksjonar på visse talemål, og har slik ein ekstra moglegheit til å manipulere samtalepartnerane sine? Sender val av talemål direkte signal om korleis den bidialektale opplever seg sjølv? Ligg det fastsette identitetsuttrykk *i* dei ulike varietetane?

Sidan dette er ein kvalitativ studie med få informantar, har eg ikkje noko mål om å finne allmenngyldige og overførberre svar. Med tanke på at bidialektale er ei samansett gruppe, og at spørsmåla eg stiller gir individuelle og varierende svar, ville dette også vore vanskeleg å gjennomføre. Det eg derimot ynskjer å gjere, er å ta del i røyndomsoppfatninga til informantane, og slik formidle nokre av dei samansette erfaringane med bidialektisme som finst «der ute».

### Kapittel 3.0 - Korleis definere bidialektisme?

Eg har allereie i innleiinga brukt mange ord og omgrep som treng nærmare diskusjon og avklaring. «Bidialektisme» er eitt. I forsøket mitt på å gi dette omgrepet meining, vil eg trekkje inn tospråklegheitsforskning, både for å samanlikne og kontrastere.

Det å beherske, bruke og være følelsesmessig og identitetsmessig knyttet til to språk innebærer så mange variable faktorer at det ikke lar seg gjøre å avgrense tospråklighet presist og i få ord uavhengig av formål og situasjon (Engen og Kulbrandstad 2004:62).

Sitatet over seier noko om det komplekse innhaldet som kan liggje i omgrepet «tospråkleg». I tillegg til å mestre dei to språka, og å bruke dei ofte, handlar det også om kjensler og identitet. Det finst, som sagt, lite forskning på norsk bidialektal veksling. Løftar vi blikket og ser litt lenger, er det ikkje desto mindre lett å få auge på den store mengda material som finst om tospråkleg veksling. Det finst openberre likskapar mellom desse to felt. Til dømes konsentrerer begge seg om folk som kan uttrykke seg på to ulike språkvarietetar. Det finst også openberre ulikskapar, sidan «tospråklegheit» normalt handlar om å ha kompetanse i to varietetar som er gjensidig uforståelege, medan norsk «bidialektisme» siktar til det motsette. Ved å få innsikt i erfaringar frå tospråklegheitsforskninga er det nærliggjande å tru at eg vil få eit stødigare underlag å byggje dette arbeidet på.

#### *Erfaringar frå tospråklegheitsforskninga*

I denne oppgåva er det ikkje føremålstenleg å gå djupt inn i *historikken* til tospråklegheitsforskninga, men nokre aspekt kan med fordel trekkjast fram i diskusjonen om korleis vi skal identifisere ein bidialektal. I denne framstillinga tek eg utgangspunkt i tre ulike måtar å prøve å definere tospråklegheit på. Éin vektlegg dugleikar, éin vektlegg frekvens, og den siste vektlegg haldningar (Engen og Kulbrandstad 2004). Eg startar med teoriar som ser på språkdugleikar. Yttarpunkta her er dei maksimalistiske og dei minimalistiske teoriane. Den minimalistiske fløyen har mellom andre Einar Haugen (1953) som talsmann. Han argumenterte for at du er tospråkleg med ein gong du kan produsere korte, meningsfulle

ytringar på eit andrespråk. I den andre enden av skalaen finn vi Leonard Bloomfield. Han har produsert det mykje siterte uttrykket «morsmålslik kompetanse i to språk» (Bloomfield 1933, mi omsetjing). I praksis vil dette vere det same som å forvente at ein tospråkleg skal vere som to einspråklege i éin person. Desse to definisjonane viser spennet mellom ytterpunktta i definisjonsspørsmålet.

Det neste perspektivet definerer tospråklegheit ut frå eit kriterium om frekvens. Innanfor denne tilnærminga kan ein definere tospråklegheit som ein praksis der ein vekselvis brukar to språk (Weinreich 1953), og at ein brukar begge språka i dagleglivet sitt (Grosjean 1994). I studiar av tospråklege innanfor denne forståinga av omgrepet har ein funne at visse faktorar er viktige for kva språk den tospråklege vel. Desse er domene, kommunikasjonspartner, emne og funksjon (Engen og Kulbrandstad 2004:35).

Den siste tilnærminga eg vil ta for meg her, er språkhaldningar. I dette perspektivet er det vanleg å inkludere både den tospråklege sine egne haldningar til egne språk, og andre personar sine haldningar til den tospråklege (op.cit.). Haldningar har ofte med identitet å gjere. Enkelte tospråklege er mest knytt til det eine språket sitt, medan andre kan kjenne seg like heime i begge språka (op.cit.). Skutnabb-Kangas gir ein definisjon på tospråklegheit, der det er eit krav at den tospråklege har ein positiv identifikasjon med begge språka sine (Skutnabb-Kangas 1981, som sitert i Engen og Kulbrandstad 2004:44).

Engen og Kulbrandstad understrekar kor vanskeleg det er å fange opp ein tospråkleg i ein allmengyldig definisjon. Vidare skriv dei at det er meir føremålstenleg å jobbe med ein «prototypisk tilnærming». Med det meiner dei at ein kan skissere opp nokre kjenneteikn på ein representant for kategorien det gjeld, som har mange av kjennemerka som blir oppfatta som typiske for kategorien (op.cit.:63). Det er vesentleg at det einskilde tospråklege individet ikkje treng å kjenne seg att i alle punkta. Kjenneteikna Engen og Kulbrandstad set opp for ein prototypisk tospråkleg, gjengir eg her:

- Behersker to språk på et relativt høyt ferdighetsnivå
- Bruker begge språkene til daglig
- Bruker begge språkene til alle formål som er relevante for alder og livssituasjon
- *Har en positiv holdning til begge språkene*
- *Identifiserer seg med begge språkene og identifiseres med begge språkene av andre*  
(ibid, mi kursivering).

Av dette kan vi lære at det å vere tospråkleg handlar om grader, og at ein kan vere tospråkleg på fleire måtar (op.cit.). Dei to nederste punkta har eg kursivert, og det er fordi eg legg merke til at desse to punkta tematiserer den tospråklege si eiga oppfatning av å vere tospråkleg. Den prototypiske tilnærminga opnar med andre ord i stor grad opp for ein definisjon som gir rom for den subjektive kjensla den einskilde språkbrukaren har av sitt eige språkmønster.

#### *Kven kan kalle seg bidialektal?*

Før vi kan finne ut *kven* som kan kalle seg bidialektal, må vi finne ut kva sjølve ordet betyr. «Bi» betyr «to», og «isme» siktar til eit fenomen eller ein tilstand. Når det gjeld «dialekt», er det ikkje alltid einigheit om kva som skil dét omgrepet frå «språk». Det er vanleg å tenke at det som skil språk frå kvarandre, er om dei er gjensidig forståelege eller ikkje. Det ligg imidlertid normalt både sosiale, historiske og politiske grunnar bak korleis vi definerer språk og dialekt (Carol Myers-Scotton 2006:34). I denne oppgåva brukar eg omgrepet «dialekt» som varietetar som er gjensidig forståelege, sidan det er dette som i all hovudsak er realiteten for norske dialektar.

#### Men kva er definisjonen på ei dialekt?

In sociolinguistics, the term «dialect» refers to varieties of the same language that differ from each other in vocabulary, pronunciation and grammar, and that are associated with particular geographic regions or social groups (Siegel 2010:2).

Her ser vi at Siegel avgrensar omgrepet til å gjelde varietetar som er assosiert med bestemte geografiske område eller sosiale grupper. I utgangspunktet har det vore vanleg å bruke

omgrepet som ein talemålsmarkør på geografisk tilhøyring, i daglegtale har det blitt vanleg å bruke det som ei samlebetekning på geolekt, sosiolekt og etnolekt (Røyneland 2008). Derfor kan definisjonen også lyde slik: «Ein dialekt er ein geografisk, sosial eller etnisk varietet som i seg sjølv utgjer eit komplett språkssystem» (op.cit.). Altså kan vi seie at bidialektisme skildrar ein språkpraksis der ein vekslar mellom to gjensidig forståelege dialektar innanfor éitt språk. Dette fører med seg eit nytt spørsmål: Må ein person som hevdar å veksle mellom til dømes bergensdialekt og ålesundsdialekt ha «perfekte» dialektar, morfologisk, syntaktisk og intonasjonsmessig? Må dialektane oppfylle krav til ein «objektiv» standard for dei gitte dialektane?

Haavik Nilsen (2005) tek i hovudoppgåva si stilling til dette spørsmålet. Oppgåva hennar tek utgangspunkt i hennar eigen og syskena si veksling mellom «sørlandsk» og «oslo-dialekt». Ho presiserer fleire gongar at dei to varietetane ikkje oppfyller objektive krav til dei spesifikke varietetane, og at nokre derfor vil reagere på bruken hennar av omgrepet «dialekt» for å skildre dei (op.cit. 2005:13). Ho meiner likevel at det at ho og syskena sjølv *opplever* talemåla sine som «[...] dialekt med et fastlagt system», legitimerer bruken av ordet (ibid). Siegel er inne på det same:

[...] I use this definition with the added proviso that the determination of two varieties belonging to the same language depends on the common perception of the speakers of these varieties (as already mentioned), and not on a technical decision made by linguists» (Siegel 2010:2).

Dette samsvarer godt med Engen og Kulbrandstad (op.cit.) si prototypiske tilnærming til tospråklegheit, som eg såg på ovanfor. Denne dreininga frå lingvistane si faglege definisjonsmakt til språkbrukarane sine faktiske opplevingar av språkleg røyndom, er noko eg vil leggje vekt på i oppgåva mi. I praksis betyr dét at eg i staden for å gå ut frå ein etablert, nokså streng avgrensing av dei aktuelle varietetane, lyttar til informantane sine skildringar og opplevingar av sin eigen språklege kvardag. Dersom personen sjølv opplever at ho vekslar mellom to forskjellige dialektsystem, og også blir oppfatta slik av omgjevnadene sine, bør det vere ein god indikator på at denne personen kan kallast bidialektal. Vi ser altså at definisjonen



eg jobbar ut frå har både eit eksternt og eit internt element, både ei deskriptiv og ei emosjonell side.

### *Bidialektal kodeveksling?*

Kodeveksling har blitt undersøkt innanfor sosiolingvistikken, psykolingvistikken og syntaksen i fleire tiår, både deskriptivt og teoretisk. Det kan bli sett på som problematisk å bruke dette omgrepet i min kontekst, sidan det finst eit stort spenn i definisjonane av omgrepet. Ein vid definisjon omfattar ei rekkje former for veksling mellom språk eller varietetar (McCormick 1994). Ein strammare definisjon seier at kodevekslinga må føregå innanfor ein og same samtale (Milroy & Muysken 1995). Vi ser her at både strukturelle eigenskapar ved dei gitte varietetane *og* tidsrommet dei blir brukt i er sentrale krav for at eit vekslingsmønster skal kunne bli skildra med kodevekslingsomgrepet.

Tradisjonelt sett har det blitt krevd at varietetane i ei kodeveksling må vere gjensidig uforståelege (td. Myers-Scotton 2006:242). Når det gjeld norsk bidialektisme, er dette kravet eit openbert problem, sidan norske dialektar *er* gjensidig forståelege. Ikkje desto mindre er det viktig å minne om at språkbrukarane sine persepsjonar av eigen og andres språkbruk ofte skil seg frå lingvistane sine. Det er neppe kontroversielt å hevde at det finst ulike kulturelle og sosiale konnotasjonar knytt til dialektane i Noreg, sjølv om dei *strukturelt* sett er like. Auer (1998) stiller spørsmålet om vi i det heile teke kan snakke om termen «kodeveksling» dersom lingvistane si oppfatning ligg så langt frå den språkbrukarane har, at ingen av dei kjenner seg igjen i skildringane.

Haavik Nilsen «2005:34) argumenterer for at «[...] det er det kulturelle assosiasjonsnettverket hver kode bærer med seg, som gjør vekslingen mellom to talemål til en kodeveksling». Ho flyttar altså fokuset frå varietetane sine strukturelle kvalitetar, til symbolverdien dei har med seg. McCormick (1994) sin definisjon tillet ulike språk *eller* «varianter av samme språk». Peter Auer (1998) omtalar ein artikkel av Giovanna Alfonzetti (1998), om kodeveksling mellom standard-italiensk og dialekt på Sicilia, slik: «clear cases of conversationally meaningful code-switching may be found in a context in which two closely related varieties

are in contact». Ut frå dette kan vi trekkje at dersom det ligg både ekstern og intern vurdering til grunn, er det eit signal om at kodevekslinga eksisterer. På grunnlag av dét vil eg bruke termen *kodeveksling* til å skildre det bidialektale vekslingsmønsteret til mine informantar.

## Kapittel 4.0 - Korleis heng språk og identitet saman?

Forbindelsen mellom språk og identitet er *universell*. Språklige valg har sterk symbolverdi fordi de er identitetsskapende (Johansen 2009:193).

Alle veit at identitet har noko med eit *eg* å gjere, og at han fortel noko om korleis dette *eg*'et *er*. Sjølve ordet «identitet» har sitt utspring i det latinske ordet «idem», som betyr «det same som» (Johansen 2009:41). På grunnlag av dette kan vi forstå tydinga som «den same som seg sjølv», eller «den same som andre». Det å avgrense seg sjølv frå andre menneske, vil vere ein viktig måte å finne sin eigen identitet på, og gjennom samanlikning med andre enn deg sjølv, kan du sjå kva som gjer deg sjølv unik. Men: dersom du gjer noko du vanligvis ikkje ville gjort, betyr det at du ikkje er den du trudde du var? Kan ein vere sørvestlending utan å snakke den lokale dialekta? Er ein ikkje bodøværing lenger om ein kodevekslar til trøndersk? I eit sosiolingvistisk perspektiv høyrer spørsmåla om identitet heime fordi mange vil trekkje parallellar mellom ein persons språklege praksis og korleis personen ynskjer å framstille seg sjølv. Men språket kan også vere ein sentral del av ein persons identitetskjennele.

Det finst mellom anna to måtar å svare på desse spørsmåla om identitet, som stammar frå kvar si retning. Den eine blir kalla essensialisme, den andre konstruktivisme (Mæhlum 2008:109). Den essensialistiske forståinga legg vekt på identitet som noko eigentleg og stabilt, at identiteten er ei kjerne i alle menneske (ibid). Ifølgje denne tradisjonen, har vi alle ein «sann natur» som identiteten representerer. Den konstruktivistiske tradisjonen vektlegg at identiteten er noko omskifteleg, noko elastisk og situasjonsavhengig (ibid). Altså *er* ein ikkje *eigentleg* og djupast sett noko, ein er det ein *gjer*. Slik kan identiteten vere samansett av mange ulike lag, og ein vil uvilkårleg gå ut og inn av forskjellige delar av identiteten etter kva menneske vi er i lag med og kva situasjonar vi er i (ibid). Mæhlum meiner at ein ikkje treng å velje mellom desse ytterpunkta, sidan for stort fokus på den eine kan føre til at vi mistar viktige element av forståinga (op.cit.). Ho føreslår at vi bør tenkje på dei to perspektiva som vekselverkande i forhold til kvarandre, at det eine ikkje gir meining utan det andre. Denne samansmeltinga fører til eit nytt syn på identitet, der både det konstruktivistiske og det essensialistiske kjem til kort åleine.

Dette tredje alternativet, som dermed blir å betrakte som et kompromiss, er å sammenligne identiteten med ei elv, inkludert elveleiet. Denne metaforen, som er brukt av enkelte filosofer,

tar hensyn til det foranderlige og variable ved identiteten (vannet i elva), samtidig som den også legger vekt på det stabile og mer konstante (elveleiet) (op.cit).

### *Subjektive opplevingar*

Det kanskje viktigste samfunnsvitenskapelige bidrag til forståelsen av forholdet mellom individ og samfunn ligger i påvisningen av at individet er et kreativt vesen som skaper sin egen identitet, men i samspill med andre og ut fra andres responser på identitetsutformingene (Thuen 1992:20).

Etter disse filosofiske betraktningane om kva identitet er og korleis det gir seg utslag, er det viktig å understreke at det er vanskeleg å slå fast noko bastant om forholdet mellom språk og identitet. Når vi snakkar om menneske, må vi ta omsyn til at alle er ulike. Dersom noko er rett for ein person, betyr ikkje det at det er fasiten for alle. Når ein spør kva språket betyr for den einaskilde, kan ein altså få alle moglege svar. Nokre vil leggje stor vekt på språket som ein kultur- og identitetsberar, medan andre vil sjå på det som et reint kommunikasjonsmiddel. I tillegg er det slik at vi ikkje har moglegheiten til å dokumentere sambandet mellom identitet og språk på ein annan måte enn gjennom observasjonar av språklege handlingar og eigenrapportering frå informantar. Vi kan ikkje måle eller registrere i kor stor grad ein person meiner språket heng saman med identitetskjenninga hennar, ganske enkelt fordi storleikane vi snakkar om ikkje er fysiske. Det å snakke om «forholdet mellom språk og identitet», er med andre ord å prøve å setje ord på eit nokså abstrakt fenomen. «Identitet» kan forståast som noko individuelt og noko sosialt, og det kan definerast både internt og eksternt. Det medfører at oppfatninga av din eigen identitet ikkje nødvendigvis blir delt av dei rundt deg. At det er abstrakt, betyr likevel ikkje at vi ikkje kan seie noko vitenskapleg om det, men det krev at vi ikkje leitar etter allmengyldige svar eller «naturlover». Vi må vere merksame på, og audmjuke for, at spørsmål om personlege faktorar som identitet, får subjektive og mangesidige svar. Samtidig må vi opne opp for at identiteten kan vere påverka av fleire faktorar *samtidig*.

I 1992 vart det arrangert ein tverrfagleg konferanse ved Universitetet i Tromsø som tok opp identitetsomgrepet. Innlegga som vart lagt fram på konferansen, vart samla i antologien «Hva er identitet?» (Mæhlum red. 1993). Eit av innlegga, skrive av Karl Halvor Teigen (1993), tek føre seg psykologiske perspektiv på omgrepet. Han understrekar at identitetsopplevinga er viktig for individet: «Identitet dreier seg om hva man *er* i motsetning til hva man simpelthen

*har* eller *gjør*, altså om vårt «vesen». Dermed blir det et dypt og alvorlig begrep, umistelig og uforbikommelig» (op.cit.:14). Dette sitatet seier noko om kor viktig oppfatninga av eigen identitet kan vere for den einskilde. Orda han brukar, leier tankane mot sårbarheit og essensialisme. Karmen Liebkind, deltakar på det same seminaret, forstår identitet på denne måten:

En människas identitet er svaret på frågan: ‘vem eller vad är jag?’. Identitet är nämligen något psykologiskt. Den har att göra med hur vi uppfattar oss själva, hur vi definierar [sic] oss själva, och vilka andra individer och grupper vi identifierar oss med (Liebkind 1993:45).

Begge desse sitata legg vekt på den einskilde si *subjektive* oppleving av eigen identitet, som openbert er ein svært viktig del av omgrepet. Likevel kan vi ikkje sjå bort frå at vi lever i samhandling med andre, som også vil ha ein oppfatning av *kven* eller *kva* vi er. Derfor deler både Teigen og Liebkind identitetsomgrepet i ein objektiv og ein subjektiv del.

Den objektive delen av omgrepet seier noko om korleis andre ser deg, og den subjektive om korleis du ser deg sjølv (Liebkind op.cit.). Dette opnar for fleire potensielle konflikhtar: Din eigen oppfatning av deg sjølv treng ikkje samsvare med korleis andre ser deg, og folk treng heller ikkje å ha dei same oppfatningane av kven du er. Den objektive og den subjektive identiteten vil verke inn på kvarandre gjennom livet. Korleis menneska rundt deg oppfattar deg, vil du få direkte og indirekte tilbakemeldingar på heile tida, noko som vil vere med på å forme korleis du ser på din egen identitet. Dersom tilbakemeldingane du får ikkje passar med slik du opplever deg sjølv, kan det vere ukomfortabelt. Det er nærliggjande å tru at den einskilde vil prøve å oppnå eit harmonisk forhold mellom den objektive og den subjektive identiteten. Ei løysing på problemet er å gå i forhandlingar om korleis identiteten din skal takast i mot. Desse forsøka kallar Liebkind for «identitetsforhandlingar» (op.cit.). Ein kan forhandle ved å endre på oppførselen sin, den språklige praksisen sin eller kroppsspråket sitt.

Teigen peikar på at identiteten i tillegg til å vere personleg, også har ein sosial komponent. Innan psykologien kallar ein identitetsdanninga for ein «identifikasjonsprosess», der barn formar sin eigen identitet ved å observere og ta opp i seg sine «signifikante andre» (ibid). Individet vil alltid vere ein del av ei eller fleire grupper, og vi lever i samspel med andre. Derfor er det sjølv sagt at identitet ikkje berre er noko som blir forma av individet åleine.

[...] identitetsfenomenet [oppstår] i møtet mellom det personlige og det sosiale, det individuelle og det kollektive (Johansen 2009:41).

Dette viser den sosiale sida ved identitetsomgrepet: Du er unik berre i kontrast med andre, og dei andre er med på å forme det unike ved deg. Vi *er* noko i kraft av dei rundt oss. Den sosiale identiteten vår er summen av alle gruppene vi tilhører, og har både eit objektivt og eit subjektivt element. Desse grupperingane kan vere kva kjønn, alder, yrke eller politisk tilnærming vi har, og er altså makrostrukturelle kategoriar (Liebkind op.cit.).

Som vi såg ovanfor, held Teigen (1993) fram det essensielle ved identiteten, det vi *er*. Han tek seinare opp noko som kan vere problematisk ved denne forståinga, nemleg forholdet mellom det vi *er* og det vi *gjer*. Å ha denne forståinga av identitet føreset at det må vere eit logisk samband mellom handlingane dine og *vesenet* ditt. Det kan gi seg utslag i førestillingar som desse: «Er du sørlending, må du snakke sørlandsk». «Er du oppteken av språkleg mangfald, bør du ikkje leggje bort dialekta di til fordel for eit standardtalemål». Sidan identitetsoppfatninga vår er noko personleg og sårbart, kan det for det fyrste vere vondt å ta stilling til handlingar som avvik frå oppfatninga vår av oss sjølv. Teigen brukar alkoholmisbruk som døme: Ein person kan ha få vanskar med å innrømme at han drikk for mykje, men det blir problematisk dersom dette føreset at han *er* ein alkoholikar (ibid). Likevel er det slik at det å gjere og det å vere heng saman på den måten at folk (og du sjølv) vil forvente visse handlingar av deg, basert på identitetsuttrykket ditt. Igjen skil Teigen mellom objektive (andre sine) og subjektive (dine egne) forventningar (op.cit. 16). Desse forventningane knytter seg til korleis ein vil *handle*. Når det gjeld bidialektisme, er dette perspektivet viktig: det å *gjere* kan også vere ei språkleg handling, og slik blir det å snakke kompatibelt med å *gjere*. Altså kan vi forstå talemålet som ei *handling* som er med på å konstruere identiteten.

Bucholtz og Hall (2010:23) er kritiske til det dei kallar for ei noko gammaldags forståing av identitetsomgrepet som berre noko som utspelar seg på ein akse av det same som/det motsette av seg sjølv og andre. Dei argumenter for at identitet må forståast som eit relasjonelt og sosiokulturelt fenomen som spring ut frå og sirkulerer i interaksjon. Dei meiner at vi må

tilnærme oss identitet «[...] as something constituted through social action, and especially through language» (op.cit.:20). Dei argumenterer altså for ei konstruktivistisk tilnærming til identitetsomgrepet, men også ei tilnærming som primært forstår identitet som noko som skjer i samhandling med andre. Identiteten ligg ikkje nødvendigvis der på førehand, og formar korleis vi oppfører oss i sosial samhandling. Tvert om argumenterer dei for at det er den sosiale samhandlinga som formar korleis identiteten vår *blir*. Vi kan med andre ord seie at identiteten blir til *gjennom* interaksjon, og spesielt gjennom språk.

Dei tek til orde for at vi bør ha ei tverrfagleg tilnærming til omgrepet, og bruke heile spekteret av «verktøy» frå dei ulike disiplinane som har jobba med språk og identitet, samtidig (op.cit.). Dei argumenterer også for at vi må ta inn over oss at identiteten ikkje spring ut frå eitt analytisk nivå om gongen, men verkar på fleire nivå samstundes. Dei løftar likevel spesielt fram det interaksjonelle nivået, sidan dei hevdar at det er her alle dei ulike ressursane får sosial mening (op.cit.:19).

Bucholtz og Hall (op.cit.:19) skisserer fem hovudprinsipp som dei meiner er fundamentale for behandlinga og studeringa av identitet, og legg slik fram eit forslag til ein samanhengande modell der ein samlar sosiokulturelt lingvistisk arbeid. Dei fem prinsippa deira heiter:

1. The emergence principle
2. The positionality principle
3. The indexicality principle
4. The relationality principle
5. The partialness principle

Eg nøyer meg her med å kort nemne kva dei ulike prinsippa går ut på, men i analysen vil eg gå nærare inn på fleire av dei. «The emergence principle» slår fast at identitet grunnleggjande bør sjåast som eit sosialt og kulturelt fenomen som spring ut frå, blir til i, lingvistisk praksis. Forfattarane kritiserer slik forståinga at sambandet mellom språk og identitet er språket som ein refleksjon av individets indre «mental state» (ibid). Det betyr ikkje at dei ikkje anerkjenner den interne sjølvoppfatninga, men dei påpeikar at den einaste måten denne kan bli del av den «sosiale verda» på, er gjennom ein form for diskurs (ibid).

Det andre prinsippet, «The positionality principle», utfordrar korleis kvantitative studiar ofte kan forklare sosial oppførsel utelukkande med hjelp av makro-identitetskategoriar (op.cit.:20). Dei utdjuvar med å understreke at desse tradisjonelle tilnærmingane er verdifulle når det gjeld dokumenteringa av større sosiolingvistiske trendar, men at dei er mindre effektive til å forstå meir nyanserte og elastiske identitetsrelasjonar som oppstår i lokale kontekstar (ibid). Dette prinsippet argumenterer for at fleire av dei sosiale posisjonane ein befinn seg i påverkar identiteten. Desse er både demografiske kategoriar på makronivå, lokale og spesifikke kulturelle posisjonar og midlertidige og interaksjonelle roller (op.cit.:21).

«The indexicality principle», prinsipp nummer 3, tek føre seg den språklege mekanismen, nemleg indeksikaliteten, som er med på å konstruere identitet. I dette prinsippet formulerer forfattarane at fleire beslektede indeksikalske prosessar er med på å skape identitet i interaksjon (ibid). Desse er på både mikro- og makronivå, og omhandlar både forventingar, antakingar og assosiasjonar. «The relationality principle», det fjerde prinsippet, omtalar forfattarane som «hjartet av modellen» (op.cit.:19). Her slår dei fast at identitet er eit relasjonelt fenomen. Relasjonane overlappar og komplementerer ofte kvarandre, og bringer med seg tankar og ideal om likskap/ulikskap, autentisitet/inautentisitet og makt/maktesløyse (op.cit.:23).

Det femte og siste prinsippet, «The partialness principle», tek opp i seg den modernistiske tankegangen om at det meste er konstruert, og at røyndommen ikkje blir opplevd på same måte frå person til person. Det tek høgde for ei fragmentert forståing av identitetsomgrepet, der det kan vere både intensjonalt, meir eller mindre medvite, eit resultat av andre sine persepsjonar og av større strukturar og ideologiar (op.cit.:25). Med andre ord tek det høgde for at omgrepet er skiftande og kontekstavhengig (ibid).

*Finst meininga før språket, eller blir meininga til i språket?*

Mendoza-Denton og Osborne (2010) har utvikla termene «brought-along»- og «brought-about» meaning for å forklare motivasjonen for kodeveksling. Brought-along meaning er den mest relevante termen for oppgåva mi, men tanken om «brought-about» meaning er også



aktuell i analysen. Det desse to modellane har til felles, er at dei begge anerkjenner at kodeveksling *betyr* noko for identiteten og relasjonane til eit individ. Det som skil dei, er *korleis* dei forklarar at denne tydinga blir realisert. Brought-along-perspektivet baserer seg på at språket i seg sjølv har ein indeksikalitet som folk er klar over. Å benytte seg av denne lingvistiske kompetansen, er å benytte seg av ein kunnskap om sosial mening som allereie er assosiert med det gitte språket. Ein byttar altså til det eine språket for å «kople seg til» meininga som ligg i det (op.cit.:116-118). Ved å snakke eit språk som har visse assosiasjonar og sosial mening knytt til seg, er tanken at ein sjølv vil bli assosiert med, og ein representant for, dette «innhaldet».

Brought-along meaning baserer seg altså på at den sosiale meininga allereie finst, og at språkbrukarane lever ut identiteten sin og markerer tilhøysla eller den manglande tilhøyrsla med andre, ved å benytte seg av dei allereie etablerte sosiale kodane. Å skifte språk blir som å nytte seg av eit verktøy for å uttrykke seg i allereie gitte kodar. Dette perspektivet ser vi at blir brukt i Carol Myers-Scotton (2006) sin markertheitsteori, ein modell over sosiale motivasjonar. Her går ein mellom anna ut frå at den kommunikative kompetansen, som består av både grammatiske strukturar og erfaringar om språkbruk eller varietetar, er noko den einskilde talaren brukar til å navigere mellom *markerte* og *umarkerte* språkval (Myers-Scotton op.cit.:159). Altså gjer talaren språkval for å oppnå sine eigne mål, og ein ser på kodeveksling som ein sosialpsykologisk strategi. Bourdieu (1991) sin teori om den lingvistiske marknaden kan også plasserast innanfor brought-along-retninga. Desse teoriane vil vere nokre av mine sentrale forståingsgrunnlag i analysen av informantintervjua.

Innanfor brought-about meaning ser ein det derimot slik at kodevekslinga *i seg sjølv* er ei meining, og at denne meininga blir skapt i, og er avhengig av, den aktuelle sosiale interaksjonen. Skiftet i seg sjølv er symbolsk signifikant, og slik blir også den sosiale meininga kun mogleg å tolke i lys av den konteksten den spring ut frå (Mendoza-Denton og Osborne 2010:119-121). Det er altså ikkje dei gitte varietetane som utgjer ein kode, *vekslinga* er koden. Koden ligg ikkje *bak* skiftet. Forståinga kjem *etter* skiftet, ikkje *før*, og blir til *i* språket. Slik ser vi at brought-about meaning legg vekt på den aktuelle konteksten og dei sosiale relasjonane samtalen skjer innanfor.

Det er imidlertid svært viktig å hugse på at modellar og teoriar berre kan gi eit stilisert bilete av røyndommen, og at dei derfor sjeldan eignar seg til å gi den «fulle og komplette sanninga». Modellar kan ikkje «spegle» den språklege røyndommen «slik han er», berre delar av han. For å sikre seg mot ei einssidig framstilling av eit samansett tema, er det viktig å vere medviten om at tilnæringsmåttane ikkje treng å vere inkompatible. Ved å bruke ulike modellar og teoriar simultant vil ein ha betre føresetnad for å fange kompleksiteten i kodeveksling og språkval.

## Kapittel 5.0 - Tidlegare forskning

Som tidlegare nemnt, er det ikkje gjort mykje forskning på norsk bidialektisme frå før. I enkelte samanhengar der ordet blir brukt, er det for å skildre eit teoretisk steg på vegen mot dialekt- eller språkdød (td. Mæhlum og Røynealand 2012, Helgander 1994), eller for å skildre samfunn der språkbrukarane skil mellom ein standardvarietet og ei dialekt i situasjonar av ulik formalitetsgrad (td. Alfonzetti 1998). Jeff Siegel (2010) har i boka *Second Dialect Acquisition* (SDA) skrive om ulike aspekt ved det å tileigne seg ei andredialekt. I boka tek han mellom anna føre seg forskjellane på andrespråks- og andredialektsinnlæring, og utfordringa ved å lære ei standarddialekt utan undervisning (op.cit.).

Han operer i boka si med eit skilje mellom «replacive» og «additive» SDA, som eg i tråd med fleirspråklegheitsforskinga har valt å omsetje til subtraktiv og additiv andredialektsinnlæring. Dette betyr at ein ved subtraktiv andredialektsinnlæring ikkje held på den opprinnelege dialekta, D1, men i staden endrar den mot D2. I eit slikt tilfelle endar ein opp med berre eitt system, som har forma si som resultat av eit møte mellom dialektar (op.cit.:67). Den additive tileigninga av ei ny dialekt fører til det Siegel kallar for «true bidialectism» (op.cit.:76). Fenomenet Siegel konsentrerer seg om, SDA, femnar med andre ord om både interferens, akkomodasjon og bidialektisme i tydinga to åtskilde, integrerte dialektsystem i éin person.

Det har komme to norske studiar (Klynderud 1999 og Nilsen 2005) som ser på individet sin motivasjon for bidialektal veksling. Sidan desse tek føre seg bidialektisme i eit perspektiv som liknar på mitt, vil eg omtale spesielt desse nærmare. I ein norsk kontekst er det også naturleg å nemne Blom og Gumperz (1972) og Kerswill (1994), som eg vil ta kort føre meg fyrst.

Blom og Gumperz sin artikkel «Språkstrukturers sosiale betydning: om kodeskifte i et norsk lokalsamfunn» (op.cit.) tek føre seg ein påstått kodevekslingspraksis i Hemnes i Nordland. I artikkelen hevdar forfattarane at det i Hemnes er diglossiske tilstandar, der innbyggjarane vekslar mellom «standard» søraustnorsk og lokal dialekt i ulike situasjonar. Det som her blir skildra, er ein standard/dialektsituasjon, der språksamfunnet er bidialektalt på makroplan (Blom og Gumperz 1972). Dette fenomenet blir ofte omtala som «diglossi». Denne studien er

nærast ein klassikar i internasjonal sosiolingvistisk litteratur, og har blitt sitert og gjengjeven i mange verk om kodeveksling (sjå til dømes Milroy og Muysken 1995). Studien har i ettertid blitt kritisert av Mæhlum (1996) fordi forskarane sine førehandsantakingar om språksamfunnet ikkje vart empirisk dokumentert. Mæhlum peikar på at dette er spesielt problematisk sidan slike diglossiske tilstandar ikkje er dokumentert nokon annan stad i Noreg. Med andre ord peikar Mæhlum på svakheiter når det gjeld metodar og dokumentasjon (op.cit.:758).

Kerswill (1994) gjorde ei undersøking av kva som skjer med målet når folk frå «strilelandet» flyttar inn til Bergen. Han fann at «strilane» kunne endre identitetsuttrykk ved å endre dialekt: var dei i ein situasjon der det kjendest rett ut å vere stril, ville dei nytte heimstaddialekta. Var det derimot ein situasjon der det kjentes betre å vere bergensar, nytta dei den meir standardiserte bergensdialekta (op.cit.). Blant informantane sine finn han ei kvinne som meistrar både striledialekta og bergensdialekta, og meiner at ein kan rekne ho for å vere del av to språksamfunn (op.cit:153). Slik blir omgrepet «bidialektisme» aktuelt i arbeidet hans (op.cit:147), men det er fortsatt innanfor ei standard-dialekt-forståing (sjå meir om standard og dialekt i kapittel 7.5).

### **Kapittel 5.1 - Haavik Nilsen 2005**

Som eit viktig bakteppe for undersøkinga mi har eg hatt Berit Haavik Nilsen (2005) sitt arbeid. Hovudoppgåva hennar heiter *Er det virkelig deg? Om identitetsrealisering hos personer med to internaliserte dialekter*. Hovudinformantane hennar er ho sjølv og dei to bidialektale syskena hennar. Med foreldre frå Sørlandet vaks dei opp i Oslo. Dermed utvikla dei ein sør-austlandsk og ein sørlandsk varietet parallellt (Nilsen 2005:8). I tillegg undersøkte ho 11 sideinformantar sine opplevingar, ved hjelp av spørjeskjema. Ein relativt stor del av avhandlinga går ut på at forfattaren reflekterer over sine eigne kjensler og erfaringar med å vere bidialektal. Oppgåva hennar inneheld altså mykje introspeksjon i tillegg til informantane sine rapporterte erfaringar. I analysen kjem eg til å bruke nokre av utsegnene til Nilsen for å kontrastere eller vise likskap i arbeida våre. I det fylgjande gir eg eit kort samandrag av kva Haavik Nilsen kom fram til i undersøkinga si.

Nilsen legg vekt på to hovudfunn i oppsummeringa av undersøkingane sine. Det fyrste er at alle informantane har levd med kodevekslinga som ein sjølv sagt del av identiteten sin, og at alle har «sterke følelsemessige opplevingar knyttet til dialektvekslinga» (Nilsen 2005:103). Dette underbyggjer ho med at sjølv den informanten som hevdar at vekslinga har vore, og fortsatt er, totalt problemfri, seier at ho til tider har valt å «tie stille dersom det blir rettet mye oppmerksomhet mot vekslinga hennes» (ibid). Nilsen seier også at det er stor forskjell på kor stor innverknad medvitet om vekslinga har på identitetskjenninga til den enkelte (ibid).

Det andre ho legg vekt på, er at mange av informantane fortel at det finst personar dei ikkje *kan* bruke «feil» dialekt til (op.cit.:104) Med dette forstår eg at informantane har ei sterk kjensle av at det kjennest *feil* å bruke den eine varietetten sin i lag med visse personar, og at dei derfor unngår det. Dette tek ho til inntekt for sin eigen hypotese om at vekslinga følgjer eit *automatisk mønster* heller enn *ein medviten strategi*: «[j]eg har også til hensikt å sette et spørsmålsteget ved begrepet strategi i denne forbindelse» (op.cit.:6). Nilsen hevdar at det viktigaste ho har funne, er at «dialektveksling i høy grad fungerer som en språkbåren kulturveksling» (ibid). Vidare lanserer ho tanken om at jo meir dei to dialektane representerer svært forskjellige verdisyn, etikk, moral, livsstil og økonomi, jo større er sannsynet for at det vil kjennest vanskeleg for den enkelte å realisere identiteten sin på begge dialektane (ibid).

## Kapittel 5.2 - Klynderud 1999

Heidi Elisabeth Klynderud (1999) si hovudoppgåve heiter *Kodeveksling ved bidialektisme*. Ho gjer her ei kvalitativ undersøking av éin informant i fire ulike situasjonar. Informanten si opprinnelege dialekt er frå Romsdalen, og ho har i vaksen alder teke til seg ein del austnorske former etter å ha flytta til Follo. Når ho snakkar med folk heimefrå skjer det ei tydeleg endring i talmålet. Klynderud utførte to samtalar/intervju, der høvesvis ein representant for kvar av dei to dialektane var tilstades. Etterpå arrangerte ho ein samtale der begge dialektane til informanten var representert samtidig. Klynderud sitt arbeid både liknar og skil seg frå Haavik Nilsen (2005) si undersøking, både når det gjeld definisjonar og sjølvve rammeverket. I dei følgjande avsnitta vil eg sjå nærmare på nokre av faktorane som skil dei to arbeida frå kvarandre.

For det fyrste skil oppgåva seg frå Haavik Nilsen (op.cit.) sitt arbeid i tilnærminga. Klynderud går ikkje djupt inn i identitetsomgrepet og korleis informanten *opplever* kodevekslinga. Ho leitar derimot etter eventuelle spor dei to dialektane kan ha sett i kvarandre, og oppgåva hennar framstår med eit meir deskriptivt fokus på strukturelle endringar i informanten sine to varietetar. I den grad ho ser på *kvifor* kodevekslinga føregår, gjer ho det ved hjelp av til dømes akkomodasjonsteorien (Klynderud 1999:104). Det står i skarp kontrast til Haavik Nilsen (2005:6), som viser skepsis til å forstå bidialektisme som strategi og i større grad har eit fenomenologisk perspektiv på kodevekslinga.

For det andre er utvalet av informantar ulikt, både når det gjeld talet på dei og eigenskapane deira. Haavik Nilsen (ibid) har eit konkret ynskje om å bruke informantar som har veksla sidan dei var «ganske små». Klynderud sin eine informant, som også er mora hennar, har derimot lært seg dialekt 2 (Follo-dialekta) i vaksen alder. Analysen til Klynderud (1999) er på mikronivå, der ho undersøker visse kategoriar av informanten sitt talemål, for å sjå om dei blir påverka av samtalepartnaren. Klynderud konkluderer med at variablane samvarierer, og at språkmønsteret til informanten derfor kan kallast kodeveksling.

## Kapittel 6.0 - Metode

Alle som driv med forskning er nøyddde til å ta stilling til spørsmålet om korleis dei best mogleg kan finne og formidle det som blir opplevd som *sanninga*. D t er ei kompleks oppg ve. Har vi alltid moglegheit til   framstille ting slik dei *er*? Og korleis kan vi f  d t til p  best mogleg m te? Gjennom observasjon? Introspeksjon? Rapporterte erfaringar? M lingar, statistikk, eller utvikling av allmenne lover? Innan det positivistiske vitskapsparadigmet set ein krav til empiriske data, dokumentasjon og sannkjenning av lovmessige prinsipp (M hlum 1999:18). Her godtek ein ikkje oversanselege opplysningar, og det f r naturleg nok konsekvensar for metodar og forskingsobjekt.

Denne oppg va f yer seg inn i ein humanistisk vitskapstradisjon, der det kan vere vanskelegare   bruke ein framgangsm te med rigide krav til m ling og dokumentasjon. Ein sosiolingvistisk studie om identitet og spr k, slik som denne, der ein brukar rapporterte erfaringar fr  informantane som datagrunnlag, f r problem dersom vi skal rette oss etter eit positivistisk vitskapsideal. Korleis kan ein gjere unders kingar av symbolverdien til spr klege handlingar, dersom ein ikkje har moglegheit til   leggje vekt p  ikkje-observerberre data, som kjensler og motivasjon? Korleis skal ein kunne analysere informantutsegn, dersom ein ikkje kan bruke sine egne tolkingsevner?

Sp rsm la ovanfor skisserer kor viktig den r dande vitskapsideologien er for kva metodar ein kan velje. Det har ofte vore eit strev i humaniora for   legitimere tradisjonelle humanistiske forskingsstrategiar, ved   utforme dei etter positivistiske ideal (M hlum 1999). Alts  har vi   gjere med eit skilje mellom to vitskapsideologiar, nemleg positivisme og humanvitskap. Men ogs  innanfor greina «talem lsforskning» ser ein korleis ulike paradigme kan p verke ein heil disiplin. Eit d me p  dette er dreinga fr  eit labovsk paradigme, med vekt p  statistiske utval og overf rberre funn, til ein meir interaksjonell sosiolingvistikk med fokus p  spr kbrukaren sine kjensler og motivasjon (M hlum 1999). I tillegg til   vere innanfor ein klassisk humanvitskapleg tradisjon, er dette ein sosiolingvistisk studie med eit interaksjonelt perspektiv. D t har naturleg nok innverknad p  metodeval og moglegheiter. I dette kapitlet tek eg f re meg dei metodiske aspekta ved sj lve datainnsamlinga, medan det analysemetodiske har f tt plass i analysen (kapittel 7).

### *Mine metodeval*

For å finne metoden som passa best til mitt prosjekt, måtte eg sjå på målet med undersøkinga mi. Eg har ikkje som hovudmålsetjing å finne allmenne, overførberre «reglar» eller prinsipp som gjeld for bidialektale. Målet var derimot å ta del i opplevingane og erfaringane til den einskilde bidialektale språkbrukaren, og dermed forstå noko om korleis og kvifor dei er bidialektale, og kva det kan *bety* for dei å vere bidialektale. Med andre ord har eg eit *fenomenologisk* utgangspunkt, som opnar for intervjupersonen sine eigne opplevingar og erfaringar, og som strebar etter ei fordomsfri innstilling (Kvale 1997:81).

Eg valde derfor ein individbasert, kvalitativ metode: Eit semistrukturert intervju. Eg utarbeidde ein intervjuguide for å ha oversikt over spørsmål eg gjerne ville stille, men var innstilt på å ikkje følgje den slavisk. Sjølv om eg ikkje har moglegheit til å finne statistisk overførberre kjensgjerningar i denne studien, har eg likevel moglegheit til å generalisere på analytisk grunnlag. Å gjere ei analytisk generalisering vil seie å vurdere og grunnkje kvifor funna i ein studie kan vere rettleiande for kva som kan skje i ein annan studie (op.cit.:161). Eg kan til dømes ta utgangspunkt i korleis mine funn stemmer med funn i andre studiar, eller korleis informantutsegnene forhold seg til kvarandre, for å underbygge ein analytisk generaliserbarheit.

Eg har intervjuet fire informantar. For å finne fram til dei har eg benytta meg av venn-av-venn-metoden. Meir detaljerte informantportrett kjem seinare (kapittel 7.2), men eg vil allereie her seie at alle informantane er jenter, at alle tar eller har tatt høgare utdanning, og at eg på førehand hadde eit meir eller mindre perifert kjennskap til tre av dei. Tre av dei har også utdanning i språkfag på masternivå. Dette er ein naturleg følgje av at eg rekrutterte informantane frå min eigen bekjentskapskrets. For å anonymisere informantane har eg gitt dei fiktive namn.

Intervjua gjennomførte eg ansikt til ansikt med éin og éin informant. Dei varte i rundt 45 minutt, og målet var ein fri samtale med eit uformelt preg. Alle intervjua vart gjennomført på eitt av møteromma på Institutt for språk og litteratur ved NTNU, og alle vart naturleg nok



dokumentert med opptakar. Eg har transkribert intervjuet ganske detaljert, mot ein skriftmålsnær standard. Eg har ofte utelate fyllord som «eh» og «ehm», men dersom informanten har nølt eller teke lange pausar, markerer eg det i transkripsjonen ved å skrive til dømes «nøler» i klammer, eller ved å setje tre punktum etter kvarandre, slik: «...». Det har ikkje vore dialekttrekka i seg sjølv som har vore mitt forskingsobjekt, men innhaldet i forteljingane frå informantane. Det har vore eit mål å la informantane si eiga «stemme» skinne mest mogleg gjennom, og derfor har eg latt dialektord vere med der dei har skilt seg merkbar frå skriftstandarden. Den eine informanten min, «Ingunn», brukte ein standardnær søraustlandsk varietet i intervjuet med meg, og eg fann det derfor mest naturleg å transkribere dette intervjuet til bokmål. «June», med si sørvestnorske kystdialekt, har a-infinitivar og seier «me» i staden for «vi». Dette bryt med den nynorske stilen eg brukar, men eg transkriberer likevel hennar ytringar med desse taletrekka intakt.

### *Intervjuet*

Intervjuet var som sagt semistrukturert, med ein intervjuguide som utgangspunkt (sjå vedlegg). Eg var oppteken av å stille opne spørsmål, og ville helst at samtalen skulle gå uanstrengt. Dette prøvde eg å oppnå ved å la fyrste delen av samtalen dreie seg om enkle, konkrete ting, slik at eg kunne få til ei naturleg dreining mot dei djupare emna, som identitet og relasjonar. Eg vil her forklare korleis eg har gruppert spørsmåla, og kva tankar som ligg bak formuleringa av dei.

I den fyrste bolken ynskjer eg å finne ut noko om bakgrunnen til informantane, og moglege grunnar til at dei byrja å veksle. Har dei kanskje flytta? Eller har dei foreldre frå ein annan stad i Noreg, og har lært både foreldra si dialekt og dialekta på heimstaden? Det er interessant å finne ut om foreldra har hatt ein tilsvarande praksis, eller om den bidialektale har det eine talemålet sitt frå éin eller begge foreldra. Grunnen til at eg spør om informantens sitt forhold til heimstaden, er at eg ynskjer å sjå om det er ein samanheng mellom desse haldningane og haldningane til dialektvekslinga. Å snakke dialekta som høyrer til ein stad, kan signalisere tilhøyrsløysle og lojalitet til staden. På same måte kan det å leggje vekk dialekttrekk signalisere ei orientering vekk frå staden. Eg ber informanten om å namngi dei to dialektane, fordi eg meiner det er interessant å sjå om den oppfatninga dei sjølv har, stemmer med den eg får.

Den andre bolken tek føre seg informanten si oppleving av kvifor ho kodevekslar. Eg er interessert i å vite kva informanten tenkte då ho starta vekslinga. Var det flaut, kult, «nødvendig», naturleg? Var det eit gjennomtenkt val, eller berre vart det slik? Var det ope eller skjult? I denne bolken fiskar eg etter informanten sine haldningar til eigne språkvanar, men eg er også ute etter å finne ut kvifor og korleis språkvekslinga tok til i utgangspunktet. I den tredje bolken vil eg vite korleis vekslinga kjennest i kroppen. I hovudoppgåva til Haavik Nilsen (2005) seier fleire av informantane at vekslinga er automatisk, at den «sitter i ryggmargen» (Nilsen 2005:64). For nokre av dei er det problemfritt, mens andre gir uttrykk for at automatikken er ubehageleg. Desse kjenslene er interessante, og kan gi innsikt i kvifor informanten vekslar, og kva som skjer i det ho gjer det.

Den fjerde bolken handlar direkte om identitet, og korleis informantane opplever at dei formar identiteten sin gjennom dialektval. Eg er mellom anna interessert i å høyre om informantane føler at begge dialektane uttrykkjer identiteten deira, om dei uttrykkjer ulike delar av identiteten gjennom dei to varietetane sine, og liknande problemstillingar.

### *Diskusjon om intervju*

Når det gjeld intervjusituasjonane, er det fleire problematiske aspekt eg har blitt merksam på undervegs. Det fyrste eg vil ta for meg, er problemet med eigenrapportering. Kan vi stole på introspektiv vurdering av eigne minne og erfaringar? Gjennom eit liv endrar vi oss som menneske, og følgeleg vil måten vi tolkar minna våre på, også endre seg. Nokre detaljar kan bleikne og forsvinne, medan andre kan bli tydelegare. Det informanten har opplevd, kan vere særskilt forma av høgst subjektive forhold. Dette er problemstillingar alt arbeid med eigenrapportering må ta stilling til. I ei oppgåve som tek føre seg identitet, er subjektivitet likevel nærast eit *premiss*, og altså ikkje nødvendigvis ein tilslørande faktor.

Om vi ikkje kan vere totalt sikre på at informantane sine gjengjevingar av fortida er *objektivt* korrekte, kan introspeksjonen deira likevel oppfylle eit anna føremål. Opplevingane dei har av reaksjonar på bidialektismen, kan fortelje oss noko om normene som finst i det norske språksamfunnet. Med andre ord: Korleis informantane har opplevd andre sin persepsjon av kodevekslinga, kan kanskje vise oss ein flik av korleis folk generelt forventar at ein skal

forhalde seg til dialekta si, og kva dialektpraksisen din seier om kor «ekte» eller «falsk» du er. Desse temaa kjem eg tilbake til i kapittel 7.

I tråd med diskusjonen om eigenrapportering passar det seg å nemne eit anna aspekt, nemleg det at eg ikkje har dokumentert dialektvekslinga til alle informantane på band. I det fyrste intervjuet eg gjennomførte, kom eg ikkje på å spørje om dette. I det andre intervjuet var informanten krystallklar på at det å snakke den andre dialekta til «feil» personar var forferdeleg ubehageleg, og at det var noko ho hadde problem med. Eg opplevde det som så tydeleg at ho ikkje ville, at eg ikkje ba henne om å gjere det. Eg var redd ho skulle ta det som eit teikn på at eg ikkje hadde lytta til det ho sa. I dei andre to spurte eg om dei kunne vise meg den andre dialekta, men berre ein av dei kunne veksle «på kommando». Denne informanten uttrykte gjennomgåande at det var lite problem for henne å veksle ope. Eg har altså dokumentert begge hennar talemål på band. Den siste informanten nærast vreid seg i stolen og gav uttrykk for at å snakke den andre dialekta til meg ville vere svært ubehageleg.

Det høge utdanningsnivået til jentene, hos nokre innanfor same fagområde som denne oppgåva, har nødvendigvis påverka intervjusituasjonen. Som det kom fram i den korte presentasjonen over, er alle informantane jenter som held på med ei universitetsutdanning, to av dei studerer språk på masternivå, og ein av dei er doktorgradsstipendiat i sosiolingvistik.

Det fyrste eg merka meg, var det sterke medvitet om eige språkmønster. Det er rimeleg å tru at det å studere språk vil ha ein viss innverknad på kva ein tenker om sin eigen «bidialektisme». Det er også tydeleg at informantane med språkbakgrunn er farga av han, dei bruker fagspråk og analyserer sine eigne mønster med utgangspunkt i sosiolingvistiske teoriar. Det er ikkje så vanskeleg å tenkje seg at ein språkstudent er i stand til å reflektere over slike spørsmål, men interessant nok viste også informanten utan språkutdanning (som også var den yngste) eit høgt metaspråkleg refleksjonsnivå. Ho hadde mellom anna godt formulerte tankar om korleis ho kunne framstå med dei to dialektane sine, sjølv om ho ikkje brukte fagspråk for å formidle desse tankane.

Ein annan ting som kan ha hatt innverknad på nokre av opptakssituasjonane, var at eg sjølv vart veldig medviten om at eg studerer same fagområde som enkelte av informantane. Det at den eine informanten hadde høgare utdanning enn meg, og til og med innanfor det same fagområdet, gjorde at situasjonen til tider vart usikker for meg. Det er skrive ein del om det asymmetriske maktforhaldet mellom forskar og informant (td. Tjora 2010), der det ofte blir påpeika at forskaren har eit slags «overtak» på informanten. I intervjuet med denne informanten vart situasjonen snudd på hovudet, og eg opplevde at eg vart veldig oppteken av om spørsmåla eg stilte var gode nok, om eg brukte omgrep feil, og så vidare. Denne situasjonen kan ha ført til eit litt unaturleg «samtaleklima» i byrjinga, men det vart betre utover i samtalen. Det at eg brukte mykje energi på å formulere meg rett, kan også ha vore grunnen til at eg gløymte å spørre henne om ho kunne veksle til den andre dialekta slik at eg kunne dokumentere det.

## **Del II - Analyse**

### **Kapittel 7.0 – Innleiing**

I denne delen blir informantsitata presentert og analysert. Sambandet mellom identitet og bidialektisme er eit overordna tema gjennom heile analysen. I kapittel 4 presenterte eg nokre ulike teoriar som prøver å forklare sambandet mellom språk og identitet, mellom anna makro- og mikromodellar om språk sin symbolverdi, identitetsforhandlingar og ulike måtar å forstå identitetsomgrepet på. Desse teoriane, samt akkodomasjonsteorien og purisme, blir anvendt i analysen og derfor nærare utdjupa og forklart her.

Sidan alle temaa eg tek føre meg i analysen handlar om identitet på ulike nivå, vil kapitla henge saman og overlappe kvarandre. Eg har sett opp ein struktur som startar med det som er meir indirekte knytt til identitet, og som jobbar seg mot dei «djupare» spørsmåla, som naturleg nok er meir direkte knytt til identitetsomgrepet. Slik blir dei fyrste kapitla meir ei «innføring» i *korleis* informantane kodevekslar, medan dei seinare kapitla tek føre seg ulike forslag til *kvifor* det skjer og korleis det kjennest.

I kapittel 7.1 gjer eg greie for det analysemetodiske, altså korleis eg gjekk fram for å bearbeide datamaterialet mitt. Deretter presenterer eg dei fire informantane mine i korte portrett. I delkapittel 7.3 tek eg føre meg korleis kodevekslingsmønsteret til informantane er i dag, og diskuterer det opp mot tospråklegheitsforskning. I delkapittel 7.4 ser eg på bakgrunnen til at dei vart bidialektale. Her trekkjer eg mellom anna inn akkomodasjonsteorien (Giles og Coupland 1991) og markertheitsteorien (Myers-Scotton 2006) som relevante forståingsrammer. Deretter følgjer delkapittel 7.5, der eg ser på korleis informantane opplever dialektane sin indeksikalitet. I delkapittel 7.6 tek eg føre meg informantane sine tankar om bidialektismen og det å vere «ekte», i lys av autentisitetssomgrepet (Bucholtz og Hall 2010), purisme (Sandøy, Brodersen og Brunstad (red.) 2003) og sambandet mellom det å *vere* og det å *gjere* (Teigen 1993). I delkapittel 7.7 utforskar eg korleis identitet heng saman med relasjonar og roller, og eg prøver å finne ut meir om kvifor informantane meiner ei av dialektane er upassande i samtale med visse personar. Her er identitetsforhandlingar, rollekonflikt og sambandet mellom subjektiv og objektiv identitet sentrale teorirammer.



## Kapittel 7.1 – Det analysemetodiske

I arbeidet med datamaterialet har eg vore inspirert av det Tjora (2010) kallar for stegvis-deduktiv induktiv metode (SDI). Det induktive aspektet av metoden er at ein jobbar «fra data mot teori», og den deduktive gir seg utslag i at ein sjekkar «fra det mer teoretiske til det mer empiriske» (op.cit.:175). Tjora kallar steget der ein jobbar med det behandla datamaterialet, for «koding» (op.cit.:179). I arbeidet med eit forskingsintervju går dette steget ut på at ein nærles transkriberinga og merkar ytringane med kodar som detaljert skal skildre innhaldet i dei ulike utsegnene. Eit godt kodesett er eit sett som berre kan ha blitt utvikla frå empirien, fordi det inneheld informasjon ein ikkje kunne vite om på førehand (op.cit:184).

I neste steg ser ein på kodane med problemstillinga i bakhovudet, og samlar kodane i *kategoriar* (op.cit.). Slik ein får struktur på resultatdelen. Ut frå kategoriane ein finn, kan ein sjå nokre hovudtema. Utfrå hovudtemaa er det meininga at ein skal kunne utvikle konsept, og på den måten kunne argumentere for det Tjora kallar «konseptuell generaliserbarhet» (op.cit.), som let seg jamføre med «analytisk generalisering» (sjå kapittel 6). Denne måten å jobbe på hjelpte meg å strukturere datamaterialet, og det hjelpte meg å sjå det med «nye auge». Dei førestillingane og forventingane eg hadde på førehand, mellom anna etter å ha lese Haavik Nilsen (2005), kunne lett ha blitt styrande for kva eg ville valt å framheve i materialet. Ved å jobbe tett mot transkripsjonsteksten, og gå inn for å sjå mangfaldet i det informantane fortalde, meiner eg at eg har gjort eit utval av funn på eit betre grunnlag. Delkapitla har fått namn etter kategoriane eg utvikla.

### *Diskusjon av metodeval. Reliabilitet – validitet – generaliserbarheit.*

Desse tre omgrepa blir brukt som indikatorar på kvalitet i vitenskapleg arbeid (Tjora 2010:202). Det har imidlertid vore diskutert om dei er relevante innanfor kvalitativ forskning, sidan dei er nært knytt til kvantitativ måling (Ringdal 2001:221). Av den grunn har Thagaard (1998) føreslått andre ord for å dekkje dei same kriteria, men for å signalisere at dei i den kvalitative forskinga må bli forstått på ein annan måte. Både Tjora (2010) og Ringdal (2001) argumenterer likevel for at det ein vinn på å bruke nye omgrep er mindre enn det ein taper: nemleg godt innarbeida termar som gir assosiasjonar om vitenskapleg kvalitet. Eg sluttar meg til dette resonnementet, og vidarefører bruken av dei tradisjonelle omgrepa. Likevel er det viktig

å vere merksam på at dei same omgrepa skildrar ulike kvalitetar i dei to ulike forskingsmetodane.

Tjora (op.cit.) skriv at reliabilitet i kvalitativ forskning handlar om *intern logikk* gjennom forskingsprosjektet, og at validitet handlar om ein *logisk samanheng* mellom spørsmål ein har stilt, funna ein har gjort og korleis ein har utforma prosjektet. Han skriv at ein kan sikre reliabilitet i prosjektet sitt ved å reflektere over og vere ærleg om korleis eins eigen posisjon kan prege arbeidet (op.cit.). Validiteten kan vi styrke ved å vere opne om korleis vi praktiserer forskinga, og vere i stand til å grunngje vala vi har teke når det gjeld metodar og teori (op.cit.). Det betyr at ein må vere ærleg om pragmatiske val, altså rammene for undersøkinga og kva som har avgrensa henne. Kort sagt handlar det om ein klar samanheng mellom funna i eit prosjekt og spørsmåla som var utgangspunktet for det (op.cit.).

Generaliserbarheit har eg skrive om om i kapittel 6, og det er derfor unødvendig å repetere det her. I kapittel 6 (metode) og i avsnitta ovanfor har eg gjort greie for nokre aspekt ved dette prosjektet, for å etterstrebe ideala om vitskapleg kvalitet.



## Kapittel 7.2 – Informantportrett

Som tidlegare nemnt har eg gitt samtlege informantar fiktive namn. Nokre av dei kjem frå små plassar, og det har derfor også vore nødvendig å anonymisere lokalmiljø og andre avslørande kjenneteikn for å ivareta personvernet deira. Derfor har eg nokre gonger nøydd meg med å berre namngi landsdelen informantane kjem frå, samt å stilisere andre biografiske fakta, som fagtilhøyring og spesifikke fakta om foreldra deira. Dersom informanten har tilhøyring til ein større by, har eg vurdert det slik at det er greit å namngi denne. Sjølv om desse forskjellige tildekkjande grepa er tekne, meiner eg at eg i det følgjande presenterer opplysningar som gir tilstrekkeleg informasjon.

### *Presentasjon av June*

June er fødd på 90-talet, og er den yngste av dei eg intervjuar. Ho held på med ei samfunnsvitskapleg bachelorutdanning. Ho verka interessert i prosjektet mitt og var svært innstilt på å dele erfaringane sine med meg. Samtalen mellom oss var uanstrengt, og eg synest eg fekk umiddelberre, men samstundes godt gjennomtenkte svar. Eg kjenner June litt frå før, sidan vi har felles vennar. Dette verka naturleg nok inn på den forma samtalen tok - som ein uformell, engasjert diskusjon mellom to bekjente.

June flytta frå Bergen til ei øy på Vestlandet då ho var fem år, og vekslar mellom bergensk og den vestnorske øydialekten. I intervjuet snakka ho den sistnemnde. Faren hennar kjem frå den vestnorske øya og snakkar den lokale dialekta. Mora har flytta mykje rundt på Austlandet, og June meiner at ho pratar «pen oslodialekt eller bærumsdialekt». June framhevar systema si som ein viktig grunn til å at ho er bidialektal. Ho snakkar bergensk med systema si, medan systema snakkar bergensk med henne og eit standardnært søraustlandsk med mora. Når berre dei næraste er samla vekslar både June og systema kontinuerleg. June fortel også at faren hennar har ei stilling med offisielt og formelt preg, og at han kodevekslar til eit regionalt farga standardtalemål i jobbsamanheng. Med dette meiner ho at han legg talemålet nærare eit talt bokmål i desse situasjonane.

June lærte seg øydialekta då ho begynte i barnehagen på øya, men fortsette altså samtidig å snakke bergensk til systema si og med andre bergensarar. Ho ser på øya som den «eigentlege»

heimstaden sin, og har positive kjensler for plassen. Bergen omtalar ho som «heim nummer to», og uttrykkjer at ho er veldig glad i byen. Etterkvart som ho har blitt eldre, har June halde seg mest til øydialekta, og slutta å veksle til bergensk med alle bergensarar. I dag er det nesten berre systema ho brukar bergensken i lag med. June synest med nokre unntak at dialektvekslinga er og har vore problemfri, og opplever det som heilt naturleg å veksle til bergensk med systema si i dag.

### *Presentasjon av Ingunn*

Ingunn er fødd på 70-talet, har mastergrad i språk og er doktorgradsstipendiat. I intervjuet framstod ho som imøtekommande og høfleg. Ho var oppteken av å forstå nøyaktig kva eg meinte med spørsmåla mine, og var svært meddelsom i svara sine. Ho verka svært reflektert, og hadde eit velutvikla metaperspektiv på sin eigen språkbruk.

Ingunn flytta frå Austlandet til ein tettstad i Trøndelag som treåring. I tillegg til å veksle mellom ein trøndersk og ein «brei» austnorsk dialekt, brukar ho i hovudsak ein standardnær austlandsk varietet i dagleglivet. Denne brukte ho ikkje som barn, då veksle ho mellom trøndersk og den austlandske dialekta. Faren hennar er frå staden dei flytta til, og snakkar ei utprega trønderdialekt av «den gamle typen», seier Ingunn. Mora har flytta mykje rundt på Austlandet, og snakkar ei dialekt som det er vanskeleg å plassere geografisk. Ingunn karakteriserer den som «mye, mye breiere enn den jeg snakker med deg nå». Den «breie koden» er den ho sjølv vil bruke med mora. Ho fortel at ho tok til seg trønderdialekta «fra første dag» i den nye barnehagen etter flyttinga til Trøndelag, og at ho som barn og ungdom snakka austnorsk heime og trøndersk med vennar. I dag er det den standardnære austlandske varietet som er hovuddialekta hennar, og ho veksler berre til trøndersk med familie og venner ho møtte før ho starta på gymnaset. Ingunn har opplevd kodevekslinga som ubehageleg og begrensande, og har mange tankar om sin eigen bidialektisme både i eit idealistisk, moralsk og vitskapleg perspektiv.

### *Presentasjon av Tora*

Tora er fødd på 80-talet, og har flytta fleire gonger i oppveksten. Vi kjenner kvarandre frå før, men har ikkje eit nært vennskap i dag. Samtalen vår flaut veldig fint, sidan vi er trygge på

kvarandre. Ho var interessert i prosjektet mitt, og ville gjerne fortelje om alle aspekta ved bidialektismen sin. Ho held på med ein mastergrad i eit språkfag.

Tora har flytta mange gongar i oppveksten. Dei to stadane ho har sterkast tilknytning til, er Bodø og Trondheim, og ho vekslar også mellom desse to dialektane. Begge foreldra hennar er frå Bodø og snakkar bodødialekt. Tora budde i Bodø dei 10 fyrste åra av livet sitt, og har budd i Trondheim dei 10 siste. Ho har positive kjensler for begge plassane, og framhevar familien sin i Bodø og nettverket sitt i Trondheim som gode trekk ved dei to byane. Tora snakke berre bodødialekt fram til ho var 16, men tok då eit val om å snakke trøndersk med venner. I dag snakkar ho alltid bodødialekt med den innerste familien, og har trøndersk som «hovuddialekt» i dei fleste andre situasjonar. Ho kan veksle til nordnorsk med ukjente nordlendingar, men er ofte trønder i staden, for «enkelhets skyld». Eg forstår det slik at Tora har eit gjennomgåande avslappa forhold til si eiga kodeveksling, og at ho for det meste meiner at det er heilt problemfritt å kodeveksle.

### *Presentasjon av Silje*

Silje er fødd på 80-talet, og flytta til Trondheim frå ein tettstad på Nordmøre som åtteåring. Ho framstod som lett å prate med, ho var i godt humør og lo mykje i løpet av intervjuet. Humoren hennar var ofte sjølvironisk, og samtalen vår var engasjerande og morsom. Ho har ein mastergrad i eit språkfag.

Etter å ha snakka nordmørsk i Trondheim i ca fire år, byrja Silje å snakke trøndersk med venner då ho var rundt tolv år. I dag snakkar ho trøndersk med dei fleste, og nordmørsk med den næraste familien. Faren hennar er frå Sør-Trøndelag, og Silje seier at han snakkar ei blanding mellom trøndersk og nordmørsk, men at han av og til også kodevekslar klart mellom desse to. Mora er frå Nordmøre og pratar nordmørsk. Silje opplever ofte at den nordmørske dialekta «dukkar opp» dersom ho møter andre nordmøringar, sjølv om ho på førehand har bestemt seg for å berre snakke trøndersk. Dette er eitt av mange aspekt ved kodevekslinga ho synest er problematisk. Ho er i dag veldig glad i Trondheim, og mindre glad i tettstaden på Nordmøre.

I tabellen 1 (under) har eg oppsummert kven som vekslar mellom kva for nokre dialektar, for å gjere det enklare å få oversikt. I tråd med Siegel (2010) skil eg dei to dialektane ved å kalle dei for D1 (dialekt 1) og D2 (dialekt 2). Desse termene er i denne samanhengen berre meint å fortelje kva dialekt informantane lærte *fyrst*, og dét heng ikkje nødvendigvis saman med kva for ei dei er mest knytta til.

	<b>Vekslar mellom</b>	<b>Bidialektal «debutalder»</b>
<b>June</b>	Bergensk (D1) og sørvestnorsk kystdialekt (D2)	5 år
<b>Ingunn</b>	«Breitt austlandsk» (D1), Nord-Trøndersk (D2) og standardnært søraustnorsk (D3)	3 år
<b>Tora</b>	Bodødialekt (D1) og trøndersk (D2)	16 år
<b>Silje</b>	Nordmørsk (D1) og trøndersk (D2)	12 år

*Tabell 1*

I tabell 2.1-2.4 viser eg kva talemål foreldra til informantane brukar.

#### **Tora**

	<b>Talemål</b>	<b>Vekslar i dag</b>	<b>Har veksla før</b>
<b>Mor</b>	Bodøværing	Nei	Nei
<b>Far</b>	Bodøværing	Nei	Nei

*Tabell 2.1*

#### **Silje**

	<b>Talemål</b>	<b>Vekslar i dag</b>	<b>Har veksla før</b>
<b>Mor</b>	Nordmørsk	Nei	Nei
<b>Far</b>	Trøndersk og nordmørsk	Ja	Ja

*Tabell 2.2*

### Ingunn

	Talemål	Vekslar i dag	Har veksla før
<b>Mor</b>	«Breitt austlandsk»	Nei	Nei
<b>Far</b>	Trøndersk og austlandsk	Nei	Ja

Tabell 2.3

### June

	Talemål	Vekslar i dag	Har veksla før
<b>Mor</b>	Standardnært austnorsk	Nei	Nei
<b>Far</b>	Sørvestnorsk kystdialekt og regionalt farga standard	Ja	Ja
<b>Syster</b>	Bergensk og standardnært austnorsk	Ja	Ja

Tabell 2.4

I tabellane ser vi at Tora er den einaste informanten som ikkje har ein kodevekslande forelder. Ingunn kan ikkje hugse å ha høyrte faren sin kodeveksle, men har blitt fortalt at han gjorde det medan familien fortsatt budde på Austlandet. Vi ser også at alle informantane har minst éin kode felles med ein av foreldra.

### Kapittel 7.3 - Dagens vekslingsmønster

Dei fire informantane hadde både samsvarande og kontrasterande opplevingar av den bidialektale kvardagen sin. Dette kapittelet sin funksjon er å presentere den noverande vekslingspraksisen deira, og vil nødvendigvis ha eit noko oppramsande preg. I slutten av kapittelet samlar eg trådane til ei meir oversiktleg framstilling (sjå tabell 3). Det er fordi lesaren skal få ei oversikt over korleis informantane kodevekslar. Alle saman visste godt kven dei normalt ville bruke dei forskjellige dialektane sine med, og alle kunne fortelje om resonnementet bak valet av dialekt. Dei rapporterte imidlertid ulike oppfatningar av kor *enkelt* det er for dei å kodeveksle. Desse rapporteringane gir grunnlag til å dele dei fire i to par. Eg presenterer Tora og June sine utsegner fyrst, sidan desse to gav uttrykk for at det er enkelt og

lite energikrevjande å følgje sitt eige kodevekslingsmønster. Eg tek føre meg Silje og Ingunn etterpå. Dei fortalte om meir ambivalente kjensler.

*Kor ofte vekslar du i dag?*

Når eg snakkar med systema mi. Det varierer jo kor ofte det er, men det er kvar gong eg snakkar med ho. Eg kan også gjera det når folk spør sånn «snakk litt bergensk, då!», då òg vekslar eg. Av og til på fest, men mest når eg snakkar med systema mi.

*Kva føler du når du skiftar dialekt? Skjer det noko?*

Det går heilt automatisk. Det er jo litt sånn... når eg ser på folk. Då når eg på ein måte vekslar om ein annan heile tida, i løpet av ein samtale eller i løpet av ei setning til og med. [...] Men sånn, for eksempel når eg snakkar med mamma og søstera mi samtidig, eller nokon andre og søstera mi, så byttar eg heile tida. [...] Men det går eigentleg heilt av seg sjølv. Det er veldig naturleg (June).

I dag snakkar June i hovudregelen berre bergensk med systema si. Det er blikkontakt med folk som utløyser dei forskjellige dialektane hennar, og ho skildrar prosessen som «automatisk». Det tolkar eg som at ho meiner at det å skifte dialekt er ein umedviten handling, og at det i utgangspunktet ikkje er noko ho tenkjer mykje over eller brukar energi på. Ho seier at ho ville prøve å skjule vekslinga før, dersom systema ringte medan ho var med vennar, men at ho vekslar ope i dag. June er den einaste som i intervjuet oppgir at ho gjerne skiftar dialekt (til dømes frå D1 til D2) midt i ei setning, dersom ho oppnår blikkontakt med ein annan person enn den som utløyste dialekta ho starta på. I ein fleirspråklegheitskontekst blir denne vekslinga kalla *intrasententiell* kodeveksling (Milroy og Muysken 1995). Motsetninga er *intersententiell* kodeveksling, som skildrar bytte av varietet *mellom* ytringar (ibid). Denne formen for kodeveksling passar til å skildre Tora sin strategi:

*Kor ofte vekslar du mellom dialektane?*

Det kjem an på om eg snakkar med mamma og pappa kvar dag, då. Eg vil seie dagleg, ja. Nesten. Eller annankvar dag. Kjem an på kor ofte eg snakkar med mamma og pappa og brødrene mine. Søskenbarn. Og då skjer det med ein gong.

*Det skjer av seg sjølv?*

Ja (Tora).

Vi ser at Tora også har ei kjensle av at vekslinga skjer utan at ho styrer det medvite, og blir også utløyst av kommunikasjonspartnar. Ordet «automatikk» går igjen i både mine og Haavik Nilsen (2005) sine informantutsegner, noko eg behandlar nærare i kapittel 7.7. Silje si kodeveksling blir også utløyst av personar, og ho har eit klart medvit om kven ho normalt skal snakke dei to dialektane med:

*Kor ofte vekslar du i dag?*

Når eg snakkar med mamma, dersom det er berre meg og mamma. Og familiemedlemmar som er nordmøringar. Så det blir kanskje ein gong i veka eller mindre (Silje).

I motsetnad til dei andre, blir ho forvirra dersom ein ukjent kommunikasjonspartnar viser seg å ha ei dialekt frå Nordmøre, og kan ikkje alltid kontrollere korleis dette påverkar hennar eige talemål:

*Kva gjer du då? I den situasjonen?*

Legg meg midt mellom. Så det høyrest kjemperart ut.

[...]

*Dersom du er i eit rom med både ein nordmøring og ein trønder. Vil du då alltid ligge på ein middelveg, eller vil du veksle?*

Eg får det ikkje alltid til (Silje).

I tillegg til å vise at Silje ikkje alltid opplever at ho har «kontroll» over kodevekslinga si, viser dette sitatet også at ho har ambivalente kjensler til å kodeveksle. Desse kjenslene tek eg opp i kapittel 7.6 og 7.7. Ingunn fortel dette:

*Kor ofte vekslar du dialekt, ca?*

Nei, nå er det sjeldnere fordi at nå er jeg sjeldnere hjemme. Og jeg snakker jo først og fremst nordtrøndersk med de jeg kjenner hjemme i Trøndelag. Og de som jeg kjente da jeg gikk på gymnaset i Nord-Trøndelag, og nå er det relativt få av de jeg har kontakt med i dag. Det er noen. Så nå... nei, nå er det sjeldnere. For etter at jeg flytta hit, begynte å studere, alle de nye bekjentskapene mine, uavhengig av om de var fra Trøndelag eller ikke, de har jeg snakka østnorsk med.

*Så hvis du møter ein trønder på Austlandet...*

Så vil ikke jeg begynne å snakke trønder nå. Så det handler om en tidsperiode kanskje, mye mer for min del. Det er folk fra den tida (Ingunn).

Eit slikt skilje i tid snakkar også Tora om:

Bodøværingdialekta kjem fram når eg snakkar med mamma og pappa. Eller eigentleg, eg skifta dialekt då eg var seksten, og dei eg vart kjent med før den tid kan eg gjerne snakke bodøværing til. Ikkje klassekameratar, men familie og vennar av familien. Mens dei eg blei kjent med etterpå, snakkar eg trøndersk til. Så eg pratar stort sett trøndersk i kvardagen (Tora).

Tospråklegheitsforskarar har komme fram til at visse faktorar kan forklare kva som får den tospråklege til å velje det eine eller det andre språket. Eg vil presentere nokre av dei her, og samanlikne dei med det informantane mine fortel. Faktorane kan vere ulike domene, ulike kommunikasjonspartnarar, samtalens emne og funksjon (Engen og Kulbrandstad 2004). Eit domene er eit «område» avgrensa av tidspunkt, omgjevnader og rollerelasjonar (op.cit). Døme på slike kan vere heimen, vennekretsen eller arbeidsplassen, men også religiøse samankomstar, trykte og visuelle medium og offisiell kommunikasjon. Vi kan sjå føre oss at ein tospråkleg vil velje språk avhengig av kva domene personen er i. I røynda er det ofte mange avvik frå denne tankegangen. Språkval vekslar ikkje berre frå domene til domene, og begge språka kan vise seg å vere i bruk innanfor same bruksområde (op.cit). I slike situasjonar kan kommunikasjonspartnaren vere førande for kva språk som blir valt (op.cit). Som vi har sett, oppgav alle mine informantar at det er samtalepartnaren som får dei til å veksle dialekt.

I fleirspråklegheitsforskinga dukkar spørsmålet om val av språk berre opp dersom kommunikasjonspartnarane har fleire enn eitt språk til felles (op.cit). Ein openberr faktor her er altså kor mange av språka samtalepartnaren *kan*. I eit norsk bidialektisme-perspektiv, blir situasjonen noko annleis. Ut frå det informantane fortel virkar det som at eit mønster som fyrst har etablert seg, blir førande for kva dialekt som blir «henta fram». Informantane mine vel dialekt med folk dei kjenner ut frå kva dialekt dei *vanlegvis* brukar i lag med dei. Kodevekslinga følgjer altså eit mønster, og dette mønsteret blir sjeldan etablert på nytt. Silje er den einaste som oppgir at ho kan bli usikker på kva dialekt ho vil velje i møte med ein ny



person. Sidan det kommunikative førmålet med kodevekslinga ikkje er til stades, kan det tyde på at kodevekslinga tener eit anna føremål, og at dette har med *relasjonar* å gjere. Dette aspektet behandlar eg nærare i kapittel 7.6 og 7.7.

I tabell 3 har eg samla nokre av svara informantane gav på nokre av spørsmåla om vekslingspraksis, i eit håp om å gjere det heile meir handgripeleg.

	<b>Frekvens</b>	<b>Har ynskt å skjule kodevekslinga</b>	<b>Automatisk</b>
<b>Tora</b>	Dagleg	Nei	Ja
<b>Silje</b>	Vekentleg	Ja	Ja
<b>Ingunn</b>	Sjeldan	Ja	Ikkje like automatisk no lenger
<b>June</b>	Med syster	Ja	Ja

*Tabell 3*

For å oppsummere kort, vil eg påpeike at Ingunn og Silje har eit vekslingsmønster der målet er å oppnå så lite kodeveksling som mogleg i ein og same samtale. Dét betyr ikkje at dei *aldri* vil veksle innan same samtale, men dei gir uttrykk for at dei helst unngår det. Tora og June gir uttrykk for det motsette, dei er ikkje redde for å veksle ope, og investerer ikkje energi i å halde vekslinga borte frå samtalar.

#### **Kapittel 7.4 - Bakgrunnen for den bidialektale kodevekslinga – korleis starta det?**

Da vi flytta til Trøndelag begynte jeg i barnehage, og da tok jeg det veldig raskt, og mamma forteller at jeg liksom med en gang begynte å bruke trøndersk [...] og helt konsekvent skilt. Fra dag én. Har aldri miksa. Ikke enkeltord, ingenting.

*Var det eit strategisk val?*

Nei, jeg tror ikke det. Det bare var slik (Ingunn).

Ingunn var tre og eit halvt år då ho starta med kodevekslinga, og fortel om ein naturleg etablering av mønsteret. June hadde ei liknande oppleving, men var litt eldre:

*På kva måte lærte du to dialektar?*

Det er jo fordi eg budde i Bergen då eg lærte å snakka. [...] Og så flytta me til øya, då eg var fem og eit halvt år, og gjekk i barnehagen der [...]. Og det er jo naturleg å veksla når ein er så liten, ein blir jo påverka av alt rundt seg, så eg begynte å snakka som dei andre. Men systera mi hadde då sagt til meg at viss eg slutta å snakka bergensk med ho, så ville ho ikkje snakka meir med meg. Og det var jo ikkje sant, men eg trudde jo på det. Men eg tenker at det kan jo ha med at ho ville at eg skulle halda på det, altså halda på målet, sjølv om eg flytta til ein annan plass.

*Så ho sa rett og slett at ho ikkje ville snakke meir med deg?*

Ja. Men eg såg ikkje på det som noko problem, fordi det var jo heilt naturleg å snakka bergensk med ho (June).

Ut frå dette sitatet ser vi at det var naturleg for June å lære øydialekta, og at det nærast var noko som skjedde av seg sjølv. Ho fortsette å snakke bergensk med systera, ikkje berre fordi ho gav beskjed om at det var slik det måtte vere, men også fordi det var det mest «naturlege». Ingunn og June var altså såpass små då dei starta med vekslinga at dei ikkje hadde noko spesielt medvite forhold om sin eigen språkpraksis. Med Tora og Silje var det annleis.

Tora var 16 år då ho etablerte sitt kodevekslingsmønster, og er dermed den som hadde høgast «bidialektal debutantaldar» av mine informantar. For henne handla det om å ikkje skilje seg for mykje frå klassekameratane sine:

Hugsar ein gong på barneskulen, då eg budde i Asker. Då var det nokon som gav meg ein kommentar på at eg prata bodøvrering [...], og det var kanskje med på å få meg til å bytte dialekt seinare. At det alltid har lege litt i underbevisstheten at eg burde bytte dialekt, for å passe betre inn (Tora).

Ho fortel vidare om korleis ho hadde det på den tida:

Eg synst det var litt ekkelt å vere den einaste i klassen som var frå Nord-Norge. Det gjekk jo heilt fint på ungdomsskulen, eg trur eg hadde ei lita krise på vidaregåande. Følte at eg ville vere meir lik dei andre (Tora).

Vidare seier ho:

Då eg gjekk i fyrste klasse hadde eg ein veldig trang til å passe inn med alle dei andre. Både med å begynne å drikke alkohol og sånn der type ting, sånn der litt ungdomsopprør nesten. Eg veit ikkje heilt, det å bytte dialekt blei kanskje del av ein sånn forandring, kanskje (Tora).

Tora gjekk altså gjennom ei klassisk ungdomsforandring, eit slags opprør, og ho seier at dialekta var ein del av denne endringa. Her set ho meir eller mindre direkte ord på korleis ho opplever at ho kan endre og forme identitetsuttrykket sitt ved hjelp av talemålet. Silje byrja å snakke trøndersk etter å ha bytta skule i Trondheim:

Eg snakka jo nordmørsk fram til eg var sikkert tolv. Då byrja eg på ein ny skule, og fann ut at eg skulle bytte. [...]Eg [fann] ut at det var lurare sosialt å ikkje snakke ei anna dialekt [enn dei andre].

*Var det basert på reaksjonar du har fått?*

Ja. Dei mobba meg rett og slett for dialekta.

*Skikkeleg mobbing?*

Ja, ganske. Eg fann ut at eg var litt rar uansett, alltid vore litt spesiell og vanskeleg å få til å passe inn og sånn. Så då fann eg ut at då skulle iallfall ikkje dialekta vere det som... Men samtidig gjorde det at eg synest det var litt trasig også. For du føler jo at du må vere ein annan person kanskje, enn den du heilt *er*, då (Silje)

Det er interessant å sjå at dei to som var svært små då dei vart bidialektale, ikkje legg vekt på sosialt press (uttalt eller ikkje) som utløysande faktor. Det at dei ikkje fortel om dette i intervjuet eller er medvitne om det i dag, betyr sjølvsagt ikkje at det ikkje kan ha spelt ei rolle likevel. Likefullt ser vi at dei ikkje rapporterer at det har vore viktig for dei. For dei som vart bidialektale i tenåra ser derimot tilbakemeldingane frå andre ut til å ha vore svært viktig. Akkomodasjonsteorien er ein teori om korleis språkbrukarane har moglegheit til å språkleg manipulere eller konstruere framstillinga av seg sjølv, som eit svar på sosiale tilbakemeldingar (Giles og Coupland 1991). Dette føreset at språkleg oppførsel har

mangfaldige og komplekse tydingar, og at språkbrukarar på eitt eller anna medvitsnivå er klare over korleis dei kan påverke sin eigen språklege presentasjon. Sidan Giles (1973) fyrst utvikla «Speech accommodation theory» (SAT), har teorien blitt bygt ut og nyansert fleire gongar. Som eit resultat har SAT bevega seg meir i ei tverrfagleg retning, slik at non-verbale trekk også blir ein del av studieobjektet (Giles og Coupland 1991:63). Som resultat blir teorien i dag kalla «Communication accommodation theory» (CAT) (op.cit.). Sidan denne oppgåva handlar om verbale identitetsuttrykk, blir naturleg nok ikkje teorien brukt i eit like breitt spekter her.

Innan CAT er to omgrep spesielt sentrale, nemleg *konvergering* og *divergering*. Konvergering blir definert som ein «strategi der individ tilpassar seg kvarandres kommunikative oppførsel innanfor eit breitt spekter av lingvistiske/prosodiske/non-auditive uttrykk» (op.cit.:63, mi omsetjing). Ved å tilpasse seg, minskar ein altså forskjellane mellom aktørane i ein interaksjon. Å divergere er å framheve ulikskapane i tale og non-verbale uttrykk (op.cit.:65). Dette er dei grunnleggjande forskjellane på dei to omgrepa, men dei har i røynda fleire ledd, motivasjonar og konsekvensar.

Konvergering har ofte blitt tolka som eit uttrykk for at likskap tiltrekkjer (op.cit.). Dette betyr at ein har forstått konvergering som eit forsøk på å få sosial aksept ved å nærme seg samtalepartnaren. Med andre ord kan ein sjå på det som at ein føresetnad for konvergering er at aktøren forventar positive sanksjonar frå interaksjonspartnarane sine. Dette kan vere med å forklare Tora si oppfatning av at trøndersk ville hjelpe henne å passe betre inn, og bli «meir lik dei andre». Ein kan tenkje seg at jo meir ein ynskjer seg den sosiale aksepten, jo meir vil ein konvergere (op.cit.:73). Vi veit at Tora har flytta ein del i oppveksten, og at ho har fått kommentarar frå andre på korleis talemålet stakk seg ut. Vi kan tolke det slik at den trangen ho følte til å passe inn med dei andre på vidaregåande, kan ha noko med flyttinga å gjere. Etter ein «rotlaus» periode kan ho ha hatt behov for å kjenne at ho høyrte til der ho no skulle bu. Talemålet var ein klar indikator på at ho kom frå ein annan stad, og det kan hende at ho lærte seg trøndersk for å kvitte seg med eit tydeleg teikn på at ho ikkje var oppvaksen der.

Vi kan også forstå Silje si etablering av kodevekslingsmønsteret som eit forsøk på å oppnå den sosiale aksepten ho ikkje følte at ho fekk så lenge ho vart mobba. Ho kan ha oppfatta

talemålet som ein faktor det var relativt enkelt å endre på, slik at ho nærma seg dei andre og gav dei mindre «grunn» til å plage henne. Dersom vi følgjer logikken «jo meir behov for aksept, jo meir konvergering», er det naturleg å tenkje at Silje hadde eit sterkt behov for aksept, sidan mobbing er smertefullt å oppleve. Dette kan også forklare at Silje ikkje berre nærma seg trøndersken, men faktisk la heilt om, og slik «vart» trønder.

Behovet for sosial aksept har altså lenge blitt brukt for å forklare konvergering, men under nokre tilhøve kan også ei instrumentell forklaring vere føremålstenleg. Akkomodasjon kan også ha med makt å gjere (op.cit.). Den sosiale statusen til dei ulike interaksjonspartnarane kan ventast å spele inn på kven av dei som eventuelt konvergerer, og i kva grad dei vil gjere det. Denne statusen kan vere økonomisk eller offisiell, men også sosial. I det perspektivet er ikkje ynskjet om å passe inn eller bli akseptert like framtreddande, det er maktfordelinga som legg føringar for i kva grad aktørane vil akkomodere. I Silje sin situasjon kan vi gå ut frå at ho sjølv ikkje var den parten med mest makt, sidan talemålet hennar stakk seg ut frå normalen, og ho vart plaga av dei andre. Slik kan vi sjå etableringa av kodevekslinga som ein konsekvens av maktfordelingar, og ein strategi for å oppnå noko ved å tilpasse seg maktstrukturen. I dette tilfellet var den ynskete effekten at mobbinga skulle avta.

Som vi ser, er det vanskeleg å halde akseptmotivet og det instrumentelle motivet konsekvent skilt, og Giles og Coupland (op.cit.) understrekar også at det eine ikkje treng å utelukke det andre. Det er sannsynleg at dei kjem til å overlappa. Likefullt søkjer begge desse perspektiva å forklare konvergens med at aktørane oppnår ein positiv effekt ved å gjere det. Dét er imidlertid ikkje alltid det heile biletet. Ein kostnad ein kan oppleve ved å divergere, er eit mogleg tap av personleg og sosial identitet (op.cit.). Det er tilsynelatande nettopp dette Silje gir uttrykk for i den siste delen av sitatet ovanfor, der ho seier at det er trasig «[f]or du føler jo at du må vere ein annan person kanskje, enn den du heilt *er*, då».

I kapittel 4 presenterte eg markertheitsteorien (Myers-Scotton 2006). Denne teorien kan også brukast til å kaste lys over språkvala til informantane. Som tidlegare nemnt, ser ein her føre seg at språkbrukarane navigerer mellom *markerte* og *umarkerte* språkval. Umarkerte språkval er val som er meir eller mindre forventa i den gitte interaksjonen (ibid). Det betyr at talaren snakkar på ein måte som stemmer overeins med normene som gjeld for situasjonen,

samtalepartnaren eller det aktuelle emnet. Myers-Scotton (op.cit.) skriv om «Rights and Obligations sets», eit tenkt sett av «reglar» for maktforholdet mellom dei involverte i interaksjonen (ibid). Ved å gjere umarkerte språkval utfordrar ikkje talaren dei sosiale føresetnadene (RO-settet) for samtalen, sidan erfaringane til samtalepartnarane tilseier at «dette er normalen».

Det *markerte* valet er det språklege uttrykket som deltakarane i interaksjonen *ikkje* kunne føreseie at ville komme. Ifølgje teorien vil dette bli oppfatta av dei andre i interaksjonen. Kva grunnar har ein talar til å gjere eit markert språkval? «[...] making a marked choice is a negotiation for an RO set other than the one that is unmarked for the current exchange» (Myers-Scotton 2006:160). I markertheitsmodellen går ein altså ut frå at ein talar som gjer eit markert språkval, ynskjer å endre maktbalansen i interaksjonen. Det å gjere eit markert val er både ei forhandling om talaren sin identitet (personae), og om relasjonen til dei andre.

Så kan ein spørje seg kven det er som bestemmer kva som er det umarkerte valet. Myers-Scotton (ibid) meiner at det i inn-grupper, som familie og nære venner, er andre normer enn i ut-grupper. I ut-gruppene er det dei meir dominante medlemmane med høg status som legg føringane for kva som er markert og umarkert. Slik kan vi sjå føre oss at det vil variere meir kva som vil vere markert og umarkert i inn-grupper, og det verkar på utsegnene til Tora og Silje som at det umarkerte språkvalet i deira inn-grupper vil vere å snakke den lokale dialekta. Slik kan vi forstå begge sitt val om å bli bidialektal som ein måte å unngå markerte språkval på.

## Kapittel 7.5 - Metalingvistisk medvit – «Korleis framstår eg på dei ulike dialektane mine?»

Tanken om at talemålet til ein person kan fortelje oss noko om denne personen sin identitet, blir følgt av nokre føresetnader. Er det slik at identiteten speglar seg i talemålet? Har språket visse identitetsmarkørar *i* seg, som blir ein del av deg dersom du tek språket i bruk? Kan du dermed «manipulere» måten folk opplever deg på? I kapittel 4 skreiv eg om ulike innfallsvinklar til identitetsomgrepet, der eg presenterte tanken om språkets sosiokulturelle *symbolfunksjon*, den kultursemiotiske dimensjonen av språket. Slike assosiasjonar om språk kallar vi indeksikalitet. Denne termen er grunnleggjande i studiet av måten språk blir brukt til å konstruere identitet på (Bucholtz og Hall 2010:21).

Generelt kan vi seie at indeksikalitet føreset eit semiotisk band mellom lingvistiske element og sosial mening. Dette er sterkt knytt til kulturelle oppfatningar og verdiar, som gir oss visse «kunnskapar» om kven som er, bør eller skal vere assosiert med visse språklege varietetar eller variantar (op.cit.). At ulike varietetar er indeksert med eit sosiokulturelt innhald, er noko språkbrukarane er klar over på eit meir eller mindre medvite nivå (Mæhlum 2007). Ved å inneha denne kunnskapen kan dei gjere språklege val for å bekrefte eller avkrefte språksosiale stereotypiar (op.cit.).

Det er nærliggjande å tru at bidialektale òg sit på kunnskap om kva stereotypiar som er knytte til dialektane deira. Slik kan dei ulike dialektane sitt sosiokulturelle innhald vekslast mellom, og den bidialektale har ein «ekstra» kanal å realisere identitet gjennom. Informantane mine fortalte om dette aspektet i intervju, og nesten alle viste at dei var medvitne om den sosiale statusen ulike dialektar opplevast å ha.

*Er det ein statusforskjell på dei to dialektane dine? Sett utanifrå, ikkje inne i deg. I samfunnet.*

Ja, det trur eg. Men no er no jo ikkje akkurat trøndersk ei statusdialekt i seg sjølv. Det kjem jo litt an på kva for ei trønderdialekt du har også, trur eg. Men eg trur absolutt det, altså. [...] Du har litt meir status med bymål enn med bygdemål, då.

*Ja, for du sa jo at du følte ubevisst at du høyrer litt smartare ut når du snakkar trøndersk.*

Ja (Silje).

«Status» er eit ord som har med prestisje og kompetanse å gjere, og desse kvalifikasjonane opplever vi ofte at folk som snakkar eit standardisert talemål, eller eit *standardtalemål*, har (Mæhlum 2007). Eit «grunnprinsipp» når det gjeld talemål og sosial status kan synast å vere at «graden av dialektbruk er tilnærmet omvendt proposjonal med språkbrukernes sosiale status og prestisje» (op.cit.:59). Omgrepet «standardtalemål» har ikkje fått ein bestemt eller eintydig avklaring (op.cit.), men det er likevel visse kvalitetar vi kan knytte til det. Desse står typisk i motsetnad til kva vi forbind med ei kvalitetane til ei dialekt.

Der standardtalemålet blir opplevd som prestisjefullt, formelt og urbant, ser ein dialekta som mindre prestisjefull, uformell, kvardagsleg og rural (op.cit.). Standardtalemålet blir dessutan sett på som geografisk nøytralt, medan dialekta er det stikk motsette. Ein annan viktig kontrast mellom dei to er det som blir opplevd som det *moderne* og det som blir sett som det *tradisjonelle* (op.cit.). Desse motsetnadene er på eit prinsipielt og generelt nivå, og det kan verke problematisk å overføre dei til det norske språksamfunnet, der dialektane har ein særmerkt posisjon som *multifunksjonelle*. I landet vårt har vi heller ikkje eit offisielt normert standardtalemål (op.cit.).

Men, [...] det er [...] liten tvil om at det ute i den norske talemålsverkligheten kan dokumenteres forestillinger om en slik norm i høyeste grad eksisterer. [...] Her er det vel og merke snakk om eksistensen av en uoffisiell talemålsnorm; en form for mental rettesnor som har oppnådd en ekstraordinær posisjon som normativ kraft i det norske språksamfunnet. I stedet for en offisiell standard kan vi derfor snakke om en mental standard [...] (op.cit.:45).

Standarden som blir omtalt i sitatet ovanfor, er det som gjerne blir kalla standard austnorsk eller «bokmål» (mellom ikkje-lingvistar). På dette punktet vil eg understreke at kvalitetane (geografisk nøytralitet, til dømes) ikkje er ein ibuande kvalitet i varieteten, men førestillingar som blir internalisert av språkbrukarane og slik blir opplevd som sanninga. Vi ser at Ingunn kallar sin varietet konsekvent for ein «standard», utan å problematisere omgrepet. Når Silje seier at ho meiner ho høyrer smartare ut med bymål, kan det ha med å gjere at bymålet ofte ligg nærare ein standard enn bygdemålet gjer (op.cit.). Samstundes er det slik at den geografiske *staden* på eitt eller anna nivå verkar inn på korleis ei dialekt blir oppfatta. Også hos June ser vi uttrykk for eit metalingvistisk medvit om prestisje:



*Føler du at det er ein statusforskjell på bergensk og øydialekta di?*

Ja, litt. Det har jo litt med det eg sa i stad, at eg snakka bergensk når eg var i Bergen, for å ikkje **framstå som eg var ei bondejente, sjølv om eg er det** [latter]. Eg har jo alltid sett på meg sjølv som litt bergensar, og byjente. Altså, no har eg jo begynt å setta meir pris på at **eg er frå øya**, men då eg var yngre så hata eg det. Det var jo så vanvittig teit å bu der, og det var liksom berre heilt... [oppgitt stønn]. Men no er begge to ein viktig del av meg (June, mine uthevingar).

June syner her sambandet mellom dialekt og geografisk tilhøyring. I ordet si tradisjonelle tyding blir dialekta nettopp definert utfrå ei bestemt geografisk avgrensing (Mæhlum 2007). «Den språklige koden blir slik tillagt en særskilt geografisk markeringsverdi; den blir et uttrykk for en persons tilhørighet eller identifisering med et bestemt *sted*» (op.cit.). I tillegg til at staden er ei fysisk og geografisk eining, er han også fylt med eit bestemt sosialt og kulturelt innhald (op.cit.). Slik får dialekta også kraft til å konnotere sosiokulturelle verdiar. Både Silje og June fortel om kva dei meiner om dei som bur på bygdene dei er frå, stereotypiane dei forbind med staden. Eg presenterer Silje si utsegn fyrst:

Eg synest det er ein skitplass. Eg er ikkje noko glad i den plassen i det heile teke.

*Kvifor ikkje?*

Eg synest... det er på grunn av dei som bur der og at det er lite og sånn. Eg synest det er veldig mange trangsynte folk der (Silje).

June seier følgjande om temaet:

*Føler du at folk tar i mot deg på forskjellige måtar når du pratar bergensk og øydialekt? Folk du ikkje kjenner?*

Eg trur kanskje det. Men eg veit ikkje om nokon av dei eigentleg er så positive. Eg merkar jo det... no i fadderperioden, for eksempel, så hadde me to bergensarar i gruppa. Og dei var veldig typiske bergensarar: snakkar veldig høgt og er veldig høglytte [...]. Men det er... det er jo kanskje det at folk... når eg snakkar øydialekt, er jo folk veldig, dei tenker jo bondelandet med ein gong. Og når eg snakkar bergensk, ser folk på meg som ein bergensar som er veldig høglytt og sånn.

*Kva vil det seie å vere frå bondelandet?*

Å vera litt traust og litt sånn køyra bmw, og er litt harry... eg veit ikkje. Anten stemmer du Senterpartiet, eller så stemmer du Frp, liksom (June).

Vi ser her at det ser ut til å vere ein samanheng mellom kjenslene for staden, menneska som bur der og tankane om korleis dialekta blir motteken. Silje har ikkje spesielt høge tankar om staden ho flytta frå, folka der er trangsynte. Samstundes meiner ho at ho høyrer *smartare* ut på trøndersk. June skildrar dei to dialektane sin indeksikalitet ved å fortelje korleis brukarane av dei «typisk» er. Vidare gjekk samtalen slik:

*Ja, det er jo to veldig forskjellige stereotypiar, då.*

Ja, det er jo det.

*Bergensar er jo meir urbane, moteriktige hipsterar.*

Ja, eg har jo, når eg pratar bergensk, prøvd å framstå som litt meir urban, litt meir byjente. Men eg veit ikkje om det er slik folk ser meg. Men eg ser kanskje på meg sjølv som det (June).

Her fortel June om korleis kunnskapen om dei to dialektane sin indeksikalitet får henne til å forvente forskjellig *mottaking* frå samtalepartnarane sine. Ho skildrar korleis ho trur at ho kan få folk til å oppleve henne som urban, sjølv om ho i all hovudsak er oppvaksen i ein liten øykommune. I tillegg til å bruke termen «indeksikalitet», kan vi også forklare tankegangen med brought-along-meaning-teorien (sjå kapittel 4). I denne teorien ser ein nettopp føre seg at det allereie er ei sosial meining knytt til ulike varietetar, og at ein sjøl kan bli assosiert med denne ved å ta i bruk varieteten. Silje er inne på noko av det same:

*Kva høyrer du ut som når du snakkar nordmøredialekta di?*

[Latter]. [Tenkjepause]. Eg veit ikkje. Det er jo... Det trur eg kanskje igjen, dette med smart og ikkje, det er jo litt kva eg forbind med bygda òg, då. At eg synest det er ein del folk der som ikkje er så lure og sånn. Og då... Eg vil jo ikkje sei det heller. At eg tenker at ein høyrer dum ut, for eg syns jo ikkje det heller... Men det er jo litt sånn, trønderdialekta, tenker eg på, er ein litt meir sånn urban person, mens nordmøringen er kanskje litt meir sånn bygdeperson. Men ganske fornuftig kanskje då. Og litt meir sånn ned på jorda. Så det er litt meir sånn forskjell, tenker eg då. Viss ein skal vere folkeleg på «rett måte», så syns eg at nordmøredialekta er veldig riktig [latter] (Silje).

Her gir ho uttrykk for stereotypiar som er velkjente innan sosiolingvistisk forskning på standard og dialekt, nemleg at dialektbrukarar blir opplevd som truverdige og enkle, men fornuftige, medan standardbrukarane blir knytt til utdanning, det urbane og det moderne (sjå til dømes Mæhlum 2007, Strømsodd 1979). Igjen må det påpeikast at trønderdialekta hennar ikkje er eit standardtalemål på same måte som «standard austnorsk», men det er likefullt eit bymål.

Ingunn seier også at dialektane har mykje å seie for ei viss side av identiteten hennar, nemleg den faglege:

*Føler du av og til for å gjere det likevel? Får du av og til lyst til å legge om?*

[Tenkjepause]. Nei det er sjeldnere og sjeldnere. Og det føles vanskeligere og vanskeligere, på en måte. Men det handler også noe om, tror jeg, at jeg har tatt en lang utdanning og nå tar jeg doktorgrad. Så veldig mye av meg og min identitet handler om dette faglige, jobbrelaterte. Det definerer mye av hvem jeg er, og alt det har foregått på østnorsk, sånn at det repertoaret jeg har til å vere den personen, er på østnorsk. Så hvis jeg skulle holdt en forelesning nå på trøndersk, det ville vært veldig rart for meg.

*Det er veldig interessant det du seier der, at du har på ein måte brukt austnorsken til å byggje opp den identiteten du har i dag...*

Ja.

*Mens nordtrøndersken, den ligg bak i tid.*

Ja.

*Den du var då, på ein måte. Hvis eg forstod deg rett?*

Ja. Sånn er det (Ingunn).

Bourdieu (1991) har utvikla teorien om den lingvistiske marknaden. På ein kva som helst marknad treng ein kapital for å bytte mot produkta som er tilgjengelege. På den språklege marknaden tenkjer ein seg at den enkelte sin *lingvistiske kapital* kan byttast mot ein *symbolsk profitt* (op.cit). Altså ser ein føre seg at språkbrukarane gjer språklege val, og får sosial status og makt tilsvarende verdien til dei språklege vala deira. Dette føreset at nokre varietetar og variantar er meir verd enn andre, og at språkval er eit direkte uttrykk for språkbrukaren sin

ynskte eller faktiske sosiale status. Det føreset også at alle språkhandlingar blir gjort for å tene den aktuelle aktøren. Innanfor denne tankegangen vil alle aktørane velje den måten å uttrykkje seg på som er mest verdsett på den lingvistiske marknaden. Denne «sjølvsensuren» stammar frå marknaden sine rammer, men blir internalisert hos den enkelte språkbrukaren (Bourdieu 1991). Slik blir forventningane om persepsjon integrert i aktørane sin produksjon av ytringar.

Det kan gi mening å sjå på Ingunn sine utsegner i lys av denne teorien. Slik kan vi forstå valet hennar om å snakke standardnært som ein måte å bytte sin lingvistiske kapital mot sosial status på. Indeksikaliteten eit standardmål gjerne har, passar også godt med den posisjonen ho har som doktorgradsstipendiat og fagperson. Som vi såg ovanfor, kan det å snakke eit standardtalemål få folk til å vurdere deg som meir kompetent (Mæhlum 2007). Dessutan kan det sjå ut som at dialektar frå områda rundt Oslo kan gi særskilt sterke assosiasjonar om enkle personar utan utdanning (Mæhlum 1986). Ingunn har skildra den «breie» austlandske koden sin som nettopp ein slik «harry» dialekt. Det er ikkje rart om ho opplever det som ein ulempe å snakke ein kode med ein slik indeks, sidan ho har ein posisjon på eit høgt akademisk nivå. Eit standardtalemål kan bli oppfatta som det sikraste valet (Mæhlum 2007), og slik kan vi forstå valet til Ingunn i lys av hennar akademiske posisjon og dialektane sin indeksikalitet.

Faren med å sjå det einsidig på denne måten er imidlertid at vi lukkar augo for andre moglege grunnar. Det finst mest sannsynleg *fleire* grunnar til at Ingunn snakkar som gjer, og ein av dei er at ho synest det er mest *naturleg*. Ho seier i sitatet ovanfor at standardtalemålet representerer den ho *er* i dag, noko som kan tolkast i ein meir kjenslemessig retning. Eg skriv meir om dette i kapittel 7.6 og 7.7. Haavik Nilsen (2005) skriv mykje om det problematiske med å forstå bidialektisme som strategiar og medvitne val, og peikar på identifikasjonen og affeksjonsverdien talemåla kan ha for den bidialektale. Etter mi mening treng ikkje den eine tilnærminga å utelukke den andre, og slik kan vi forstå kodevekslinga til informantane som resultat av noko kompleks, der *både* medvitne val om å framstå på ein spesiell måte, og uttrykk for identitet kan vere del av prosessen.

Tora snakka ikkje om ulik status på makronivå, men meiner likevel at dialektane symboliserer ulike sider av henne:

Har du tenkt på at den dialekta du snakkar no, kanskje signaliserer ein annan del av deg?

Ja, altså, for eksempel, så bannar eg ikkje på bodøværing. Men eg bannar på trøndersk. Og viss eg snakkar trøndersk foran mamma og pappa, må eg verkeleg passe meg for ikkje å slenge nokre slike ord. Så det blir jo ei rolle, ja. Eg er litt meir «bad», på ein måte. Hehe, nei eg veit ikkje.

*Litt meir frigjort frå familie?*

Ja, litt meir Tora, litt mindre mamma og pappa (Tora).

Ho opplever at ho kan vere ein annan person når ho pratar trøndersk, ein litt tøffare, meir frigjort versjon av seg sjølv. Vi såg i delkapittel 7.4 at ho koplår bidialektismen til ein periode med ungdomsopprør, og her ser vi igjen at det tilsynelatande er tydelege forskjellar på Tora sine rolleposisjonar i familien og i vennekretsen. Slik opplever ho at dialekta ho brukar med vennane blir «berar» av dei personlegdomstrekkha ho let skinne gjennom der, medan bodødialekta på same måte blir nært knytt til familielivet. Indeksikalitet på mikronivå skriv eg meir om i delkapittel 7.7.

Vi ser at Tora knyttar det å snakke trøndersk til det å fri seg frå foreldra, å vere ungdomsleg og sjølvstendig. Det ser imidlertid ikkje ut til at denne kjensla kjem av makrostrukturelle, brought-along-meiningar som trøndersken er indeksert med *frå før*. Kjensla ser ut til å ha utspringet sitt på eit mikronivå, der hennar oppleving av å frigjere seg frå foreldra ikkje kjem av å snakke *trøndersk*, men *ved å bytte dialekt i seg sjølv*. Her er det passende å dra inn termen *brought-about* meaning (sjå kapittel 4). Brought-about meaning baserer seg på at dei sosiale kodane blir til i dei gitte interaksjonane. Innanfor denne teorien forstår ein med andre ord ikkje kodeskiftet som ein måte å utnytte eit allereie etablert meningsinnhald på, men som ein måte å *skape ny* meaning på. Ein byttar med andre ord ikkje språk for å lene seg på ein allereie etablert kode, men for å skape ein kode der og då.

Det er utvilsomt vanskeleg å skilje brought-about og brought-along meaning frå kvarandre, sidan dei i mange tilfelle vil overlappe. Det er vanskeleg å sjå føre seg ein rein makrostrukturell modell, som ikkje gir rom for subjektive opplevingar. På same måten er det vanskeleg å sjå for seg ein totalt mikrostrukturell modell, der språkbrukarane ikkje er påverka

i det heile av generelle språklege stereotypiar. Vi kan altså ikkje utelukke at Tora har vore påverka av makrostrukturell indeksikalitet i si oppfatning av dialektane, sjølv om det ikkje ser ut til å vere ein sentral del av korleis ho opplever dei to talemåla sine.

## Kapittel 7.6 - Er dialektane «ekte»?

Eg kjenner meg litt som ein skodespelar, eigentleg uansett, men eg føler vel at begge er litt sånn halvekte.

*Kvifor det?*

Fordi... Eg veit ikkje. Eg snakka jo nordmørsk fram til eg var sikkert tolv. Då begynte eg på ein ny skule, og fann ut at eg skulle bytte. Men, og då kjentest det litt ut som eit svik mot den dialekta, faktisk. Og no snakkar eg den så lite at eg ikkje føler at den er heilt «rein» heller. Derfor er eg litt middels på begge (Silje).

Då eg stilte spørsmålet om «ektheit» til informantane, let eg vere å presisere kva eg meinte med omgrepet «ekte». Det gjorde eg fordi eg ville vite kva dei la i omgrepet. Poenget med spørsmålet var altså ikkje å verkeleg finne ut kor «sanne» eller «reine» dialektane er, men å høyre korleis informantane *sjølv* opplever denne sida av bidialektismen. Derfor var det også eit poeng å ikkje leggje føringar for korleis dei skulle forstå spørsmålet. At noko skal vere ekte, krev ein motpol: nemleg det som er falskt, uekte. Desse førestillingane er ikkje nødvendigvis konstruktive å operere med verken i språkvitskap eller i andre humanvitskapar, sidan kontekst, opplevingar og «sanningar» både er subjektive og kan endre seg. Men for ein vanleg språkbrukar kan omgrepa vere særskilte relevante og bety mykje for korleis dei opplever seg sjølv. Eg ville i fyrste omgang sjå kva reaksjonar omgrepet «ekte» skapte hos informantane, og korleis dei forstod sin eigen språkbruk ut frå det.

For June er det ikkje eit vanskeleg spørsmål. Ho svarer utan å nøle at dialektane er «heilt ekte». Ho seier ingenting om korleis ho trur andre oppfattar «ektheiten» til dei to varietetane, noko Tora derimot gjer: «Eg tenker *sjølv* at dei er veldig ekte. Men eg skjønner jo at folk synest dei er litt utvatna begge to». Vidare fortel ho at ho ikkje etterliknar trøndersk, og at dialekta derfor er ekte. Desse to informantane står igjen i kontrast til dei andre to, slik vi skal sjå i det følgjande.

Frå sitatet i byrjinga av dette kapitlet, ser vi at Silje forventar at dialekta skal vere så «rein» som mogleg for å vere «ekte». Ho seier at ho ikkje meistrar møredialekta like godt lenger,

sidan ho brukar trøndersken mest, og at det er med på å gjere møredialekta «halvekte». Men sidan ho var såpass gamal då ho lærte trønderdialekta, meiner ho at ho er «middels» på den også. Slik blir det ein dobbel «falskheit» for Silje: begge dialektane er «halvekte». Det interessante er at dette gjer henne til ein «skodespelar». Her gir ho uttrykk for at graden av «ektheit» i talemålet står i direkte samanheng med kor ekte ein er som person. Vidare fortel ho at ho vart mobba for møredialekta i Trondheim:

Eg meiner at ein skal ta vare på dialekta si, uansett. [...] Men så fann eg ut at det var lurare sosialt å snakke ei anna dialekt (Silje).

Dette synest ho er litt trasig:

[...] For du føler jo at du må vere ein annan person kanskje, enn den du heilt *er*, då.

*Føler du det endå, eller føler du at trønderen er ein del av deg no?*

Ja, no synest eg det er mykje meir naturleg. Eg vel ofte den dialekta når eg kan velje nordmøringen. For eksempel når eg er i Oslo, eller snakkar med folk frå Oslo. Då pratar eg trøndersk. Det er mest praktisk, rett og slett (Silje).

Eg forstår det slik at ho er kritisk til sitt eige motiv for å bli bidialektal, og at motivet får henne til å vurdere dialektane som «halvekte». Ho har tilsynelatande eit ideal om å ta vare på dialekta, og eg oppfattar det slik at dette idealet går føre mange andre omsyn. Det å lære seg ei ny dialekt delvis for å «betre» inntrykket av seg sjølv, er tydelegvis ikkje ein god nok, eller *ekte* nok, grunn. Ikkje nok med det, vi ser også at dialekta ho snakkar blir sett i direkte samband med den ho *er*. Vi ser likevel at trøndersken er *naturleg* for henne i dag. Det er unekteleg noko motsetnadsfylt i det å karakterisere den dialekta som er mest naturleg for henne, som «halvekte». Ho har ambivalente kjensler for å snakke trøndersk dersom nokon som kjenner henne som nordmøring, høyrer det:

[...] At du står og gjer deg til, og så er det nokon som tar deg på fersken i å gjere deg til. Det trur eg faktisk, for det er litt flaut om nokon tar deg i ei løgn også, eller ei kvit løgn. For eksempel, om eg har vore ein plass og sagt sånn 'å, elsker muslinga til middagar', og så blir møtt med 'det gjer du ikkje, du likar jo pizza', så er jo det også litt flaut. Der trur eg at du på ein måte blir avslørt i å spele ei rolle, kanskje også litt at 'dialekta di er ikkje fin nok'.

*Men føler du sjølv at du spelar ei rolle, eller er du redd for at folk som høyrer det skal tru det?*

Hm. Eg trur kanskje det er meir det siste. At eg tenker at folk skal tru det. For min eigen del føler eg ikkje at eg har så mykje valfridom på det området, eigentleg [...] (Silje).



Igjen brukar ho ord som gir assosiasjonar til skodespel, nemleg det å *gjere seg til*. Dette kjenner ho på sjølv om ho sjølv ikkje meiner at ho «spelar ei rolle». Samtidig understrekar ho at ho ikkje kan velje bort trøndersken. Det ambivalente forholdet til trønderdialekta kjem tydelegare fram seinare i intervjuet, då ho seier at ho synest begge dialektane er verde å ta vare på i dag:

*Kvifor det?*

For eg meiner at begge er ein del av identiteten, og då vil eg ta vare på det, då. Eg syns jo det er ei fin dialekt.

*Er du litt stolt over det?*

Nei. Eg skjems over at eg har bytta dialekt. Eller, skjems ikkje, men angrar meg, syns det er dumt at eg valde det.

*Du ville heller vore «einspråkleg» nordmørsk?*

Ja.

*Kvifor?*

For min del har det nok med språkinteressa mi å gjere. Fordi det blir jo sånn at eg enda opp med eit språkfag, og tok jo dialektologi og sosiolingvistikk og sånn, og ein lærer jo om dialektar som forsvinn. Så det handlar jo om kulturarv også. Og sjølv om eg ikkje synest at Nordmøre er ein fantastisk plass, så er jo det også ein del av meg, då. Det handlar om, det er jo kjensler og ikkje fornuft, på ein måte. Så det er ein følelsemessig ting, trur eg, at eg tenker at eg skulle tatt meir vare på dialekta (Silje).

Det er noko openbert motstridande i desse utsegnene. På trass av at begge dialektane er del av identiteten hennar, er det likevel noko som kjennest gale for Silje. I løpet av desse sekvensane med sitat har vi sett uttrykk for fleire sterke ideal: idealet om det «reine» språket, idealet om eit «autentisk» samband mellom språk og identitet, og idealet om å halde på den «opprinnelege» dialekta. Ho set også desse haldningane i samband med den innsikta ho har fått gjennom å studere språk. Dette skal eg diskutere nærare, men fyrst vil eg presentere Ingunn sine utsegner, som formidlar mykje av det same. Dette er svaret ho gav på spørsmålet om «ektheit»:

Den standard østnorsken er jo for meg ikke noen *ekte* dialekt. Altså, det er et standardtalemål. Det forteller ikke noe særlig om deg, på et eller annet vis. Ikke for det at heller trøndersken kanskje gjør det, men den er mer sånn ekte fordi, ja tro mot det stedet, det miljøet, den ja, jeg veit ikke, ja (Ingunn).

Her ser vi at standardtalemålet for henne ikkje er «ekte», fordi det ikkje fortel noko om henne som person. Ingunn er heller ikkje sikker på om trøndersken *fortel* noko om henne, men likevel har denne dialekta noko standardtalemålet aldri kan få. Det er fordi denne dialekta er knytta til ein stad og eit miljø. Seinare i intervjuet kjem dette fram:

*Kva meiner du sjølv om at du vekslar? Er det positivt eller negativt?*

Nei, altså... Jeg... Nei, hva skal jeg si? Altså det er jo... sikkert noe med fagbakgrunn og sånne ting, jeg ser jo, jeg kan ha et veldig sånn metaperspektiv på meg selv om hvordan jeg gjør det og hvorfor jeg gjør det, og så videre. Så ser jeg jo det at det handler mye om sosial identitet og roller og sånne ting. Og da kan jeg syns at det er litt teit, da. Det er litt teit å være norsklektor med hovedfag i sosiolingvistikk og være opptatt av dialekter og språklig mangfold og flerspråklighet er en av mine store faglige kjepphester, viktigheten av det og ressursen det faktisk er og så videre, og så selv liksom... nei, jeg veit ikke, jeg syns det er litt sånn teit. At jeg heller mer mot den standard østnorske, da.

*Er det på grunn av at det er standard austnorsk?*

Ja, jeg tror det. Ja, det er nok det. For jeg kunne jo ha blitt i den derre andre østnorske som mamma prater, som er den breie. Så det er jo et strategisk valg, vil jeg jo si. Det er et rolle... en tydelig identitetshandling å gå i retning av det litt standard østnorske. Og det synes jeg er litt teit.

*Er det litt... eg veit ikkje korleis eg skal formulere spørsmålet... eg tenker det at det er eit standardspråk... kan folk oppfatte det som falskt?*

Ja. Og det gjør kanskje jeg også da, på et vis, iallfall når jeg i utgangspunktet har to dialekter som har, er ett eller annet litt genuint, og som ikke handler om... altså, det er fordi du er fra et sted. Nå er riktignok den dialekta som mamma har sammensatt av flere, men den er en dialekt like fullt, da. Og så da gå og legge seg opp mot en sånn standard bare for å... fordi det kler meg bedre, for den jeg vil være. Det syns jeg er litt teit (Ingunn).

Som Silje trekkjer Ingunn fram innsikta si i språkfag som ein av grunnane til at noko ikkje er heilt bra med kodevekslingsmønsteret hennar. Ho legg stor vekt på den posisjonen ho har som fagperson, og dei verdiane ho står for når det gjeld språkmangfald og (paradoksalt nok) fleirspråklegheit. Ifølgje resonnementet hennar burde desse eigenskapane ved henne *eigentleg*

føre til at ho heldt seg til ei av dei meir «genuine» dialektane sine, som om det ville vore meir logisk eller samanhengande med den identiteten ho har. I denne samanhengen meiner eg det er relevant å sjå nærare på tankane om «ektheit» i lys av Bucholtz og Hall (2010) sitt fjerde prinsipp (sjå kapittel 4), «The relationality principle». Prinsippet er formulert slik (op.cit.:23, mine kursiveringar):

Identities are intersubjectively constructed through several, often overlapping, complementary relations, including similarity/difference, *genuineness/artifice* and authority/delegitimacy.

Forfattarane påpeiker at det er mest sannsynleg å sjå føre seg at to eller fleire omgrepsspar verkar *saman*. Eg vil likevel konsentrere meg mest om eitt av dei i denne sekvensen, nemleg «genuineness/artifice», som vi kan omsetje til «ektheit» og «falskleik». I tråd med desse omgrepa brukar forfattarane termene «authentication» og «denaturalisation», som eg har valt å omsetje til *autentisering/avsanning*. Eg valde å omsetje til ordet «avsanning» fordi konnotasjonane til ordet er å dekonstruere noko som blir oppfatta som ei sanning, noko «ekte». Begge termene har med det autentiske, det *ekte*, å gjere, men ikkje som ein ibuande essens. I staden blir omgrepa forstått som sosiale konstruksjonar, som blir til gjennom diskurs (op.cit.). Det betyr at «det autentiske» er den språkbruken som blir oppfatta som *ekte* i gitte samanhengar. *Autentisering* er å byggje opp og verifisere identiteten sin ved hjelp av tale, medan *avsanning* er å byggje ned den antatte identiteten ved hjelp av tale. Vi ser altså for oss at folk oppfattar ein samanheng (eller ein manglande slik) mellom identiteten til ein person og måten ho snakkar på. På den måten kan ein velje å snakke på visse måtar for å bekrefte eller avkrefte eit identitetsuttrykk. Om språkbruken til ein person blir oppfatta som *ekte* eller ikkje, er altså avhengig av om samanhengen mellom identiteten og talemålet lever opp til antakingar om *autentisitet*.

Vi kan tenkje oss at tanken om autentisitet og dialekt forhold seg til to faktorar: «Stemmer varieteteten du snakkar, med den geografiske plassen du kjem frå? Stemmer varieteteten du snakkar, med verdiane du står for og den du *er*»? Informantane mine grupperer seg i to par. Vi har sett at June og Tora sjølv meiner at dialektane er ekte, utan å reflektere så mykje meir over kva som ligg i omgrepet. Ingunn og Silje har eit meir problematisk utgangspunkt, og brukar ord som «halvekte», «skodespelar» og «teit» om språkmønsterane sine. Dei kunne

fortelje mykje om kjenslene og tankane sine om emnet, og verka dermed som om dei har tenkt ein del på det.

Det er altså nærliggjande å tru at både Tora og June kjenner det som om identiteten deira heng godt saman med begge talemåla, sidan dei ikkje problematiserer «ektheitsomgrepet» i stor grad. På same måte kan det sjå ut som om Ingunn og Silje meiner at det ikkje alltid er samsvar mellom den dei er, eller den dei *burde* vere, og kodevekslinga deira. La oss sjå nærmare på Ingunn fyrst. Vi kan tolke henne slik at ho legg mykje av identiteten sin i å vere ein fagperson. Ho er lektor med hovudoppgåve i språk, og det er nærliggjande å forstå henne slik at ho burde «vite betre» enn å ofre ei dialekt på standardtalemålet sitt «alter». Ut frå dét kan det virke som om ho meiner at mest «autentiske» for å bekrefte hennar eiga sjølvoppfatning, innad og utad, ville vere å snakke anten den trønderske eller den breie austnorske varietetten. Dersom vi brukar Bucholtz og Hall (2010) sine termar (som skildra ovanfor), er det mykje som tydar på at Ingunn kjenner det som om standardtalemålet *autentiserer* ein annan identitet og andre verdiar enn dei ho *eigentleg* står for. Dersom ho er så oppteken av språkmangfald og å bevare dialektar, burde ho vel bruke ei av dei *genuine* dialektane sine – er spørsmålet ho nærast stiller seg sjølv.

Ho opplever det tilsynelatande som at det standardnære talemålet *avsannar* identiteten hennar som fagperson innan språk, og *autentiserer* det ho kallar for å «snobbe opp». I Ingunn si førestilling har ein person som vel eit standardtalemål framfor ei dialekt, tilsynelatande ikkje same «rett» til å meine at språkmangfald og fleirspråklegheit er positivt. Frå mitt standpunkt blir nokre av desse tankane paradoksale. Kodeveksling er jo nettopp ein form for språkmangfald, bidialektisme har klare likskapstrekk med fleirspråklegheit, og for ein sociolingvist skulle ein tru at det er openbert. Dette kan tyde på at standardtalemålet har ein spesiell indeksikalitet for Ingunn, og at det er dét som gjer at ho ikkje opplever samsvar mellom talemålet, identiteten og det *autentiske*.

Vi kan også tolke denne ambivalensen som eit uttrykk for ei essensialistisk identitetsforståing, der det er konflikt mellom det opplevde identitetsuttrykket og dei språklege handlingane. Denne samanhengen mellom å *gjere* og å *vere* skreiv eg om i kapittel 4. Det kan vere problematisk å forstå identiteten sin som noko *eigentleg* og uforanderleg, fordi det skaper

forventingar om handlingar som skal samsvare med vesenet ditt. Er du ikkje lenger den du var dersom du ikkje handlar som forventa? Det er rimeleg å anta at eit disharmonisk forhold mellom handlingane dine og den du opplever at du *er*, vil kjennest ubehageleg, sidan det i eit essensialistisk perspektiv vil fortone seg som eit åtak på sjølve kjerna i deg.

Silje legg, som vi har sett, fram nokre av dei same tankane om å vere fagmenneske og bidialektal. Igjen dukkar paradokset opp: fagtilhøyringa har tilsynelatande påverka Silje til å meine at bidialektismen føreset eller kommuniserer eit «inautentisk» forhold mellom identitet (som fagmenneske) og språkbruk. Dette på trass av at sociolingvistikken i stor grad argumenterer for at ingen varietetar er «betre» enn andre *i seg sjølv*, og dessutan for at dei ulike utfalla av språkkontakt i *seg sjølv* er nøytrale. Ho syner også ei idealistisk overtyding om at ein skal halde på dialekta, og at det å ikkje gjere dét, er eit «svik». Det kan forklare kvifor ho har ei sterk førestilling om at nordmørsken er det mest *autentiske*, sjølv om ho i dag synest at trøndersken er den mest naturlege dialekta å snakke i dei fleste situasjonar. Dette kan vi tolke slik at å snakke nordmørsk *autentiserer* identiteten hennar *slik ho ynskjer at den skal vere*, nemleg ein person som held på den opprinnelege dialekta. Ein av forskjellane på Silje og Ingunn sine opplevingar er at Silje sin andredialekt ikkje har funksjon som eit *standardtalemål* på same måte.

Ein måte å forklare denne viljen til å «halde på dialekta», og uviljen mot å akseptere ei «urein» dialekt som «ekte», kan vere ved å trekkje inn purisme-omgrepet. Språkpurismen er kort sagt ei førestilling om det «reine» språket (Brunstad 2003:7). Det er i røynda ikkje slik at det nødvendigvis eksisterer «reine» språk, sidan alle språk vil vere påverka av andre språk på ein eller annan måte (op.cit.). Det betyr at *det reine språket* er ein konstruksjon, men førestillinga om det kan likevel ha stor påverknadskraft. Endre Brunstad (op.cit.:12) kjem fram til denne definisjonen på purisme, etter å ha teke for seg ulike definisjonar i nordiske land:

Purisme er ein normeringsideologi der målet er å halde språket reint frå framande innslag som vert oppfatta som 'ureine'. Dette målet er gjerne kombinert med arbeid for å avløyse framande innslag med heimlege, eller å tilpasse dei til ei form som er heimleg. Purismen kan vere retta imot alle lingvistiske nivå, men er oftast fokusert på det leksikalske.

Her ser vi at purisme kan vere eit politisk arbeid for å halde språket «reint», men det kan også vere namnet på ei idealistisk haldning til språk på mikronivå. Brunstad (op.cit) skriv at dersom førestillinga om det reine har høg status i samfunnet, og blir internalisert av språkbrukarane, kan ho bli eit «normfenomen». Det betyr at førestillinga om «det reine» kan bli eit ideal som språkbrukarar vil strekkje seg etter, i talemåtane eller skrivemåtane sine.

Brunstad har ei fenomenologisk tilnærming til «det reine», og seier at det er språkbrukarane som avgjer kva som blir karakterisert som «reint» og «ureint» (op.cit.:14). I dette ligg det sjølvstøtt også at det ikkje er språktrekka i *seg sjølv* som innehar desse kvalitetane. På denne måten kan vi tolke det idealistiske målet om å halde på den «ekte» dialekta som eit uttrykk for purisme. Å bruke ei andredialekt kan innanfor desse rammene opplevast som «det framande» som purismen ikkje ynskjer eller godtek.

Når det gjeld kjensla av at dialekta ikkje er ekte dersom ho ikkje passar til ein stereotypi om korleis ho skal vere, er også purismeideologien ein mogleg forklaringsmåte. Helge Sandøy (2003) skriv om denne konstrueringa av eit idealomgrep, der ein finn fram det «mest typiske» og byggjer opp ein prototyp for korleis ei dialekt *eigentleg* er. Han peikar på nasjonalromantikken som ein viktig inspirasjon for dette, samt det at vi ofte ser på dei eldre språktrekka som dei mest *eigentlege*. Vi har ingen etablert, offisiell autorisasjon for talemålet i Noreg, og kva som blir rekna som «korrekt» har altså med etablerte førestillingar å gjere (op.cit.).

På denne måten dannar det seg ein prototype eller ei norm i fantasien vår. Det treng ikkje finnast eit menneske som snakkar dialekten heilt ut slik norma føreset. Men om norma ikkje er nokon induksjon eller abstraksjon over faktisk språkbruk, eksisterer ho og har si kraft fordi det finst ei førestelling om henne» (op.cit.:31).

Det kan verke som om både Silje og Tora også går ut i frå eit slikt purismeideal når dei klassifiserer dialektane sine som «halvekte» (Silje) eller «litt utvatna» (Tora).

## Kapittel 7.6.1 - Skuldkjensle og skam

Både Ingunn og Silje fortalte meg ein del om skamkjensle og skuldkjensle. Det kan virke som om det er ein gjennomgåande konflikt mellom den dialekta dei *vil* snakke, og det dei opplever som dialekta dei *burde* snakke. Eg oppfattar at omgrepet «ektheit» står sentralt i spørsmålet om Ingunn og Silje si skuld og skam, noko eg har vore inne på i kapittel 7.6. Grunnen til at eg no gir temaet eit eige underkapittel, er at eg ser at det finst fleire måtar å forstå skuldkjensla på. Fyrst vil eg presentere nokre av utsegnene som tek kjenslene direkte føre seg:

*Du har sagt litt om det, men kan du fortelje litt meir om kva du tenkte om at du kodeveksla?*

Det er jo litt **skamfullt**. Det er eit **svik mot dialekta**, samtidig som ein er redd for kva familien skal synast om det. Dei synest kanskje det er **viktig at ein held på dialekta**. I byrjinga så hata eg jo Trondheim. Eg synest det var ein skikkeleg dritt-plass. Og då var det endå meir rart å skulle **gi seg ut for å vere trønder**, når eg ikkje ein gong likte **plassen** så godt. Det er litt sånne ting. Derfor kan det fortsatt vere litt vanskeleg, hvis eg er i eit rom der det både er ein nordmøring og ein trønder. Då blir eg skikkeleg forvirra (Silje, mine uthevingar).

Silje fortel om fleire ting som gjer kodevekslinga skamfull. For det fyrste skammar ho seg fordi ho ikkje likte Trondheim, og derfor var det ekkelt å «gi seg ut for» å vere trønder. For det andre meiner ho at kodevekslinga er eit svik mot dialekta. Dette kan peike mot at Silje set idealet om å halde på å dialekta høgt. Det er altså eigentleg *idealet* ho sviktar, og slik sviktar ho *seg sjølv*, *dialekta* kan jo ikkje oppleve svik. Slik blir purismeomgrepet aktuelt igjen (sjå kapittel 7.6). På den andre sida er det ein dobbelheit i denne utsegna. Å svikte dialekta har noko med familien å gjere, og dette gav også Ingunn uttrykk for. I det følgjande vil eg presentere ein ganske lang sekvens frå Ingunn sitt intervju:

*Er dialektane likeverdige for deg? [...] [Når det gjeld] identitet.*

Nei, ja, **da er det standard østnorsk som er mest meg, slik jeg er og vil være og opplever meg som**. Østnorsken til mamma og nordtrøndersken er kanskje litt mer sidestilt. Men så, jamfør det jeg sa i sted, så er det de som kanskje blir opplevd som mest ekte sånn, men vurdert ut fra litt andre kriterier. Litt mer sånn språkbevisst, korrekthet i forhold til norsklektoridentiteten og viktigheten av dialekter og så videre, så er jo de mer verdt. Men for meg, hva som er mest meg, så er det slik jeg prater med deg nå [standardnært sørøstnorsk].

*Det er nesten som det ligg eit snev av dårleg samvit i dette?*

Ja, ja! Veldig dårlig samvittighet. En ting er overfor det nordtrønderske, for det er jo litt mer sånn naturlig, det var den perioden jeg bodde der, og nå gjør jeg ikke det. Og så har jeg jo alltid snakka østnorsk, så at det har blitt en sterkere del etterhvert er kanskje ikke så rart. Men det at jeg har to koder også på østnorsk, det har jeg litt mer sånn samvittighet, litt mer sånn skamfølelse. Og så hører det med til historien at **mamma er, har ingen utdanning, representerer en helt annen kultur enn det jeg har nå. Og det er sikkert både bevisst og ubevisst at man...** Med utdanning og alt med seg. Det er på en eller annen måte en **klassereise** involvert i dette, også språklig. Og det syns jeg bare er litt sånn **forkastelig** [latter].

*Dersom den andre dialekta hadde vore noko anna enn standard austnorsk hadde det kanskje ikkje vore på samme måten?*

Nei, og det har jo med at den dialekten hennes **assosieres så voldsomt med lavkultur**, med **harry kultur**, med det mest **harry** av det østnorske. Og det er liksom ikke noe jeg trakter etter [latter]. Men det er jo, jeg foreleser jo i sosiolingvistik, og snakker om sosiolekt og... Ja, jeg møter meg selv så veldig i døra» (Ingunn).

Den standardnære austnorsken er den Ingunn meiner er «mest» henne, og det verkar som om dette er problematisk. Ho opplever at ho har gjort ei klassereise, og at dette viser seg i språkbruken hennar. Vi ser at ho veit om dei assosiasjonane som følgjer med den breie austnorsken på makronivå, og ikkje vil bli med i malstraumen ho opplever at dialekta skaper. Innan akkomodasjonsteorien kan vi sjå på dette som ei tydeleg *divergering* (sjå kapittel 7.5). Å divergere språkleg blir også oppfatta som å divergere *sosialt*. Det er her det blir vanskeleg. Å ta avstand frå mora si dialekt kjennest som å ta avstand frå det mora står for, og det skaper dårleg samvit. Vi ser at Ingunn seier det er «forkastelig», ho møter seg sjølv «så veldig i døra», men samstundes er det uungåeleg, no når ho gjennom utdanninga si har fått eit metaperspektiv på det. Det same har Silje gitt uttrykk for, det å velje vekk dialekta som blir brukt av familien, er det same som å svikte familien. Desse språklege uttrykka for lojalitet og illojalitet med nær familie ser eg nærmare på i kapittel 7.7.

Haavik Nilsen (2005) tek i hovudoppgåva si opp det same spørsmålet. Ho har sjølv kjent mykje på ubehaget og skamkjensla, og ho fann det igjen i nokre av informantane sine (op.cit). «Slike episoder, da jeg ble konfrontert med mine to måter å uttrykke meg på, kunne av og til resultere i at jeg valgte å si minst mulig» (op.cit.:12). Dette sitatet kjem etter at Haavik Nilsen har fortalt om tidlege minne om å bytte dialekt. Ho seier at det i barndommen gjekk greit å følge eit mønster som tilsa at sørlandsk var dialekten som var i bruk innanfor familien,



medan ho snakka oslomål med venner. I ungdomsperioden fekk ho nokre tilbakemeldingar frå andre som var med på å komplisere den bidialektale praksisen (ibid). Dersom ho oppheldt seg på plassar der begge dialektgruppene var i bruk, vart ho skulda for å knote. Eit kanskje spesielt vanskeleg aspekt med desse anklagene, var at ho vart mistenkt for å knote *begge vegar*, sidan folk frå begge «leirar» meinte at dei visste korleis ho *eigentleg* skulle snakke (ibid). Haavik Nilsen skildrar dette som ei ubehageleg oppleving, og meiner at det var med på å få henne til å velge éi av dialektene i seinare, liknande situasjonar, og unngå å veksle (ibid).

I vaksen alder flytta ho til sørlandet og tok eit aktivt val om å «leggje frå seg» oslomålet, og bli sørlending på heiltid (op.cit.:14). På dette tidspunktet hadde ho ein oppfatning av at dialektvekslinga var «tull», og at ho ikkje ville lære sine egne barn å «snakke andre etter munnen» (ibid). Ein slik tankegong vitnar også ei skamkjensle, ei kjensle av at språkpraksisen hennar impliserer at ein ikkje er sjølvstendig. Ho fekk imidlertid erfare at det var svært vanskeleg å gjennomføre det språklege valet sitt. Ho skriv til dømes at ho hadde lite kontakt med venner frå Oslo på grunn av at ho no snakka sørlandsk (ibid). Samtidig sleit ho med ei kjensle av å ikkje vere heil lenger: «Det var som å bli vrent, få innsiden ut» (op.cit). Desse ytringane gir ei forståing av kor vonde kjenslene hennar må ha vore her. Det at ho nesten slutta å snakke med vennar ho ikkje brukte sørlandsk med, er eit solid teikn på kor «feil» den sjølvpålagte monodialektismen må ha kjentest for henne. I kapittel 7.7 skriv eg korleis bidialektale opplever at relasjonane deira blir forma av dialekta.



## Kapittel 7.7 - Kodeveksling og mor-datter-relasjonen

Språk *gjenspeglar* ikkje nødvendigvis berre identiteten til språkbrukaren, men er også med på å *skape* denne (Bucholtz og Hall 2010). Dette betyr at identiteten oppstår gjennom språket, og at språket har sosial meining utover det *som blir sagt*. Dèt føreset at ei endring i språkval kan bety endring i den enkelte sitt identitetsuttrykk, eller i andre sin persepsjon av dette.

Meg og mamma, då. I vårt forhold snakkar ho austlandsk, og eg snakkar øydialekt. Det er sånn eg er med mamma, på ein måte. Så eg tenker at viss eg då snakkar bergensk med mamma, så blir det... Altså, då er eg ikkje *meg*, då, i det forholdet. Då blir eg nokon andre, og det blir eigentleg kanskje det samme med systera mi. I det forholdet vi har, så snakkar vi bergensk begge to. Og viss nokon av oss snakkar noko anna, så er det noko som ikkje stemmer heilt (June).

Som eg var inne på i det førre kapittelet, kan det verke som om det er noko med mor-datter-relasjonen som er spesielt i ein kodevekslingssituasjon. Alle informantane nemner «mor» som ein person dei absolutt ville unngå å snakke «feil» dialekt til, sjølv om dei rapporterer ulike reaksjonar på situasjonar der dette er aktuelt. Nokre av dei opplever ubehag berre ved tanken på at mora skulle høyre dei bruke den andre dialekta, medan andre har eit langt meir avslappa forhold til det. Likevel vil ingen snakke den andre dialekta *med* mor.

Men sånn som med den koden, hvis vi kaller det en kode, da. Den jeg bruker sammen med mamma, så føles jo det mer ekte på en eller annen måte. Og det er jo interessant at når jeg bruker den her standard-østnorsken, hvis jeg liksom bryter over i den sammen med henne, så føler jeg at jeg på en eller annen måte bryter en eller annen kode, eller at jeg... jeg skjems litt når jeg gjør det»

*Kjennest det ubehagelig?*

Det føles litt ubehagelig, fordi jeg snobber opp, og slik distanserer meg fra henne. Og det gjør jeg jo også, det er jo det egentlig jeg gjør. Litt bevisst også, på en eller annen måte, så det er litt, ja, det er litt komplekst (Ingunn).

I sitata frå Ingunn ovanfor legg eg merke til nokre av ordvala hennar. For det fyrste seier ho at det kjennest meir «ekte» å bruke den breie austlandske varieteten med mora, og at det å bryte med den kjennest som å bryte «en eller annen kode». Dette samsvarer med June si kjensle av å ikkje vere «seg» dersom ho ikkje snakkar øydialekt med mora. Vidare seier Ingunn dette:

*Har du nokre tankar om kva som kan vere grunnen til det? Kvifor det er så vanvittig ubehagelig?*

Nei, jeg veit ikke. Det avslører, ja, det er som du sier, det føles avslørende, avkledende på en eller annen måte. Men hva man blir avkledd som, det er jo... som en som bruker to forskjellige dialekter? So what, det er jo ikke viktig, eller det er ikke, det er jo liksom ingenting [...] (Ingunn).

Her ser vi at Ingunn gir uttrykk for at det egentleg ikkje er noko gale med å veksle mellom fleire dialektar, og at proporsjonane av skamkjensle ikkje står i forhold til «forbrytinga». Det å snakke trøndersk til mora treng med andre ord ikkje å bety noko så dramatisk som ei distansering i seg sjølv. Likevel fortel ho at ho har brukt mykje energi på å skjule kodevekslinga frå mora, og at det har vore vanskeleg. «Så det har jeg strevd veldig med, faktisk» (Ingunn). Ho lanserer tanken om at ubehaget skuldast ei kjensle av å gi eit signal om at ein går ut av vilkåra for rolla ved å kodeveksle. Orda som Ingunn brukar, mellom anna «avslørende» og «avkledende», går igjen hos Silje:

*Men kvifor synest du det var flaut?*

Eg veit ikkje. Det har eg faktisk tenkt på mange gongar. Eg har lurt på kvifor eg syns det var så flaut. For eg hadde egentleg ikkje noko sånn logisk grunn til det. Men eg har alltid vore litt sånn, når eg var lita også, så likte eg ikkje at vaksne hørte på at vi leika. Eg følte liksom at du blir oppdaga i å gjere noko. Det er nesten litt som om nokon kjem inn til deg på do. Sånn at du kjenner deg litt avkledd, trur eg då. At du blir avslørt i noko som du meiner at er berre ditt, for språk er veldig personleg. Så eg trur det er noko sånn, altså (Silje).

Også Silje trekkjer fram det ulogiske i å skjemmast over kodevekslinga, sidan det *eigentleg* ikkje er noko gale i det. Likevel samanliknar ho det å snakke «feil» dialekt i nære relasjonar med å bli overraska på toalettet, noko dei aller fleste vil oppleve som audmjukande. Det kan med andre ord sjå ut til at det ikkje er eit samsvar mellom den fornuftsmessige og den kjenslebaserte opplevinga av kva eit kodeskifte symboliserer.

Orda som konnoterer ei form for audmjuking eller ubehag, ser vi ikkje igjen hos Tora. Då eg spurte om ho kunne snakke trøndersk i samtale med mora, svarte ho dette:

*Dersom du skulle snakka trøndersk til foreldrene dine, sånn: 'Hei, mamma, no skal eg fortelje deg noko som har skjedd'...*

[Avbryt] Nei, det hadde ikkje skjedd. Det skjer ikkje.»

*Korleis føles det inni deg?*

Nei, det skjer ikkje. Det har aldri skjedd. [...] det er ikkje sånn ubehagelig, det er meir sånn 'ops, der gløymte eg meg'. Viss det skulle ha skjedd. Men det skjer ikkje, egentlig (Tora).

Her kan det verke som om sjølv premisset for spørsmålet mitt er malplassert. Sjølv om ho ikkje synest det er ubehageleg, er det nærast utenkjeleg. Seinare snakkar ho om korleis ho kodeveksla dersom ho hadde venner på besøk då ho budde heime, og dette kjem fram:

*Kunne du velje trøndersk gjennom heile middagen?*

Ikkje viss eg prata til mamma og pappa

*Så den er veldig sterk.*

Ja, eg vil seie det.

*Går den foran andre?*

Ja, den gjer kanskje det. Dei kan eg ikkje snakke trøndersk til, viss vi skal sette det på spissen. Ja, foreldra mine, brødrene mine, og besteforeldra mine. Søskenbarn er ikkje så nøye. Om eg pratar trøndersk eller bodøværing til dei, det har ikkje så mykje å seie eigentleg.

*Kan du tenkje deg kvifor det er sånn?*

Nei, eg veit ikkje? Det er kanskje... Dei eg har budd med heile livet. Dei har eg berre snakka bodøværing med.

*Har det noko med deira forventningar til deg? Eller er det internt?*

Trur det går litt begge veier. Dei forventar jo at eg snakkar bodøværing. Og, men eg forventar jo også det [Tenkjepause] (Tora)

Tora vil helst ikkje snakke trøndersk med foreldra, sjølv om ho ikkje opplever det ubehaget som Silje og Ingunn snakkar om. Ho har ikkje noko problem med å snakke trøndersk med nokon andre medan foreldra høyrer på, men tanken på å snakke trøndersk til mora er så uaktuell at ho ikkje ein gong såg vitsen i å vere med på tankeeksperimentet. I byrjinga såg vi

at June seier at det er «noko» som ikkje *stemmer* dersom ho snakkar «feil» dialekt med mora. Dette «noko» går altså igjen hos alle informantane, og er interessant å sjå nærmare på. Fyrst vil eg trekkje fram det Haavik Nilsen (2005) skriv om si eiga oppleving av temaet.

«Det ble helt umulig å snakke østlandsk til foreldre, søsken, eller til familie på Sørlandet, om det så bare var for å demonstrere at jeg kunne» (op.cit.:11). I dette sitatet ser vi at også Haavik Nilsen har opplevd den «umoglege» kodevekslingssituasjonen. Ho meiner at den bidialektale kodevekslinga best kan forståast som eit automatisk, internalisert mønster (sjå kapittel 5), og er kritisk til bruken av ordet «strategi»:

Jeg mener at personene som på et tidlig tidspunkt har fått internalisert to språk eller dialekter ikke er i en valgsituasjon, at de ikke har mulighet for å legge opp en strategi i forhold til språkbruken på et tidlig tidspunkt i livet (op.cit.:39).

Ho støttar opp om denne antakinga med å vise til opplevinga av hennar eigne vekslingsvanar: «Jeg hadde mitt mønster med å bytte i henhold til hvem jeg snakket med, og det var *ufravikelig*» (op.cit.:11, mi kursivering). I oppsummeringa av undersøkingane sine, skriv ho dette:

En av sideinformantene sier at det 'er uaktuelt å bruke dialekt 2 (den hun bruker til daglig nå) overfor mor og far'. Det samme kom fram i søskensamtalen. Noen personer er det umulig å bruke 'gal' dialekt overfor. Jeg mener det igjen kan hevdes at det er internaliserte holdninger og handlinger som spiller inn. (op.cit:104).

Det er interessant at Haavik Nilsen (op.cit.) opplever strategiomgrepet som så fjernt frå sin røyndom. Likefullt er sjansen stor for at det er komplekse prosessar som fører til den bidialektale sitt dialektval. Det at personen er klar over kva språkval som «passar seg», utelukkar ikkje at tilhøyring og affeksjon *også* er med i (den medvitne eller umedvitne) vurderinga. Eg kjem tilbake til dette aspektet ved Haavik Nilsen sitt arbeid seinare i dette kapittelet.

Som eg var inne på i kapittel 4, kan ein seie at den totale identiteten er samansett av ein personleg og ein sosial del. Det er også vanleg å skilje mellom ei objektiv og ei subjektiv side

av identiteten. Utan unødvendig repetisjon vil eg påpeike at vi kan sjå for oss at desse sidene av identiteten påverkar kvarandre kontinuerleg, og at kvar enkelt som oftast ynskjer at dei skal harmonisere.

«The positionality principle» tek føre seg korleis *sosiale posisjonar* påverkar identitetsrealiseringa (Bucholtz og Hall 2010). «At the most basic level, identity emerges in discourse through the temporary roles and orientations assumed by participants, such as evaluator, joke-teller or engaged listener» (op.cit.:20). Her blir det understreka at rollene vi har er viktige for identitetsrealiseringa, og at denne går *gjennom* samtale. «The positionality principle» går i sin heilskap slik:

Identities encompass (a) macrolevel demographic categories; (b) local, ethnographically specific cultural positions; and (c) temporary and interactionally specific stances and participants roles (op.cit.:21).

Her ser vi at fleire nivå verkar inn på korleis identiteten blir forma gjennom sosiale posisjonar, frå makrostrukturelle kategoriar (kjønn, alder, yrke, osv.), til meir lokale posisjonar, til dei midlertidige og spesifikke rollene i interaksjonar på mikronivå. At identitet også blir til som eit resultat av midlertidige eller faste roller i relasjonar og interaksjonar, kan hjelpe oss å forstå kvifor kodevekslinga i nokre tilfelle blir oppfatta som «umogleg» av informantane mine. Ei rolle er, kort sagt, summen av forventningar, normer og reglar som «heng ved» ein sosial posisjon (Korsnes 1997:258). Vi inntar ulike roller i dei ulike relasjonane i liva våre. Som følgje av dette vil kvart individ ha fleire roller. Dersom rollene har element som er vanskelege å kombinere, eller dersom forventningane til rollevallet er uklare, kan det oppstå *rollekonflikt* (op.cit.).

Vi har altså sett at «The positionality principle» seier noko om viktigheita av roller i identitetsskapinga. Også «The indexicality principle» legg vekt på sosiale relasjonar (op.cit.:21, mine kursiveringar):

Identity relations emerge in interaction through several related indexical processes, including: (a) overt mention of identity categories and labels; (b) *implicatures and presuppositions regarding one's own or others' identity position*; (c) displayed evaluative and epistemic

orientations to ongoing talk, as well as interactional footings and *participant roles*; and (d) the use of linguistic structures and systems that are ideologically associated with specific personas and groups.

Her ser vi at mange nivå av «identitetsskaping» er aktive samstundes, og verkar i lag. Dei kursiverte orda og setningane er dei som handlar om relasjonane i den gitte interaksjonen. Det er nyttig å sjå litt nærmare på mor-dotter-relasjonen, for å forstå meir av kva ein slik relasjon kan innebere av normer for rollene.

Grunnen til at eg her snakkar om *mor* og ikkje *far*, er at det er den fyrstnemnde som blir framheva av informantane mine. Av same grunn brukar eg ordet *dotter* og ikkje *son*, alle informantane mine er trass alt jenter. Alle forhold vil vere unike, men det finst visse ting vi kan seie er grunnleggjande for relasjonen mellom barn og foreldra deira. Dei fleste barn har opplevd å vere sårbare føre foreldra sine, og foreldrerolla inneheld både vern, trøyst, kjærleik og oppdraging. I tillegg til desse aspekta kjenner barn ofte sterk lojalitet til foreldra sine, det kan vere vondt å sjå dei i usikre situasjonar, og ein vil ikkje at andre skal tenkje dårleg om dei. Rolla som dotter kontrasterer normalt med rolla som venninne eller klassekamerat, og det er ting ein vil seie og gjere i desse rollene som ein ikkje vil seie og gjere foran foreldra sine. Det kan handle om respekt og eit ynskje eller press om å leve opp til verdiar barnet har lært i oppdraginga. På grunnlag av dette kan ein påstå at forholdet mellom foreldre (i nokre tilfelle spesielt mor) og barn ofte utmerkar seg som ein særskilt nær relasjon, med føresetnader og normer som skil seg frå andre relasjonar.

Med det vi veit om språk og indeksikalitet, kan vi gjere eit tankeeksperiment. Heile lingvistiske system, som språk og dialektar, kan vere indeksikalt knytt til identitetskategoriar (Bucholtz og Hall op.cit.). Dersom vi ser føre oss at indeksikalitet også kan vere meir lokalt fundert, og få meininga si frå gitte relasjonar, kan ein også sjå føre seg at den bidialektale sine to varietetar har indeksikalitet ikkje berre på grunn av allmenne, kulturelt betinga oppfatningar, men også på grunn av relasjonar og roller. Vi kan sjå føre oss at den eine varieteten er indeksikalt knytt til identitetskategorien, eller rolla, *dotter*. Slik sett kan varieteten som blir brukt mellom mor og dotter bere med seg mykje av den identiteten begge to forventar av kvarandre som nettopp *mor* og *dotter*. Altså kan vi også sjå føre oss at den



andre varieteten har indeksikalitet den andre retninga. Identiteten til den enkelte når ho ikkje er *dotter*, kan opplevast å delvis «liggje» i den andre varieteten.

Vi kan slik sjå føre oss at ein bidialektal knyttar rollene sine sterkt til dei to varietetane, og at dei får indeksikalitet delvis gjennom relasjonane dei blir brukt i. Denne antakinga blir sett ord på av informantane mine:

[...] Eg tenker at det blir veldig vanskelig for dei andre om eg skal bytte [dialekt]. Så det blir jo nesten litt sånn at no er eg den Silje, og no er eg den andre. Og det har igjen med sånne band å gjere då. At dialekta er ein del av det bandet du knyttar til nokon. Dei kjenner ansiktet ditt, stemma di, og så veit dei kva for ei dialekt du har. Det er jo sånn vi imiterer folk, vi imiterer dialekta (Silje).

Ingunn seier det slik:

[...] Det er akkurat som man, jeg veit ikke om man føler at man har noen roller og at den ene rollen har man der og ikke der, og dermed så... Og det, det blir tydeligere fordi det har hver sin språkdrakt, mens for andre, altså andre har jo også en rolle overfor venner og en annen overfor foreldre, men det blir mindre tydelig fordi det ikke har det skillet i språk, jeg veit ikke om det er noe sånt (Ingunn).

Dersom ulike signal om identitet og roller blir ankra i dei ulike varietetane til ein bidialektal, er det nærliggjande å sjå føre seg at ei kodeveksling i ein samtale kan føre til manglande samsvar mellom den objektive og den subjektive identiteten. Det er ikkje urimeleg å tenkje seg at dette manglande samsvaret kan utløyse ein grad av ubehag hos den enkelte, tilsynelatande spesielt i samtale med mor. På grunnlag av dette kan vi forstå ubehaget ved (tanken på) kodevekslinga som ei rollekonflikt som manifesterer seg språkleg. Eit døme på dette vil vere der Ingunn må snakke trøndersk foran mora.

Det er nettopp i desse situasjonane at ein ventar at den enkelte vil starte «identitetsforhandlingar» (Liebkind 1993, sjå kapittel 4), og i desse tilfella er det nærliggjande å tenkje seg at identitetsforhandlingane for ein bidialektal kan ta form av ei kodeveksling til den andre varieteten. Vi går ut frå at dei fleste har eit ynskje om eit harmoniserande forhold mellom den objektive og den subjektive identitetskjenninga, og at det er ubehageleg å oppleve

konflikt her. Slik sett vil ein kodevekslingssituasjon representere eit krysspress på den bidialektale, der begge varietetane blir forventna samstundes, og der valet dei gjer, sender feil signal om rolla og identitetskategorien dei er i, *uansett*. Her kan vi forstå ubehaget til informantane både som eit resultat av at den objektive og den subjektive identitetsopplevinga krasjar, og som eit resultat av at dei ikkje har moglegheit til å forhandle språkleg om identiteten sin (all den tid kodevekslinga betyr å ta i bruk ein varietet med «feil» indeksikalitet). Vi kan med andre ord sjå på kjensla av det umoglege, eller ubehaget informantane fortel om, som ein konsekvens av ein *uforløyst* rollekonflikt eller identitetsforhandling.

Sidan alle informantane meinte at «mor» var den dei absolutt ikkje ville snakke feil dialekt til, kan det tyde på at denne relasjonen blir opplevd som ein det er svært vanskeleg å endre rammene for. Det kan ha med forventninga om respekt og lojalitet å gjere, noko eg var inne på ovanfor.

Vi kan også sjå ubehaget eller uviljen i lys av markertheitsteorien (Myers-Scotton 2006, sjå kapittel 4). Innan markertheitsteorien går ein ut frå at aktørane ynskjer å gjere umarkerte språkval, dersom dei ikkje har eit *eksplisitt* mål om å endre på RO-settet, maktbalansen, for interaksjonen (sjå kapittel 7.4). I relasjonen mellom ein bidialektal og hennar mor, er det (i tråd med informantutsegnene) nærliggjande å tenkje at det *umarkerte valet* er å snakke den varietetten som dei etablerte relasjonen sin med.

Skal vi følgje Myers-Scotton (op.cit.) sin terminologi, ser vi at det *markerte valet* for mine informantar i samtale med mor, ser ut til å vere å velje den dialekta dei *vanlegvis ikkje brukar med henne*. Vidare ser vi at «[...] making a marked choice is a negotiation for an RO set other than the one that is unmarked for the current exchange» (op.cit.:160). Set vi dette i samband med foreldrerelasjonen sine spesielle forventingar om respekt, er det ikkje vanskeleg å sjå kvifor kodevekslinga kan opplevast som ubehageleg. Det kan rett og slett bli opplevd som eit medvite forsøk på å endre maktbalansen i forholdet, noko Ingunn også set direkte ord på når ho seier at det kjennest som å «distansere seg» og å «snobbe opp». Slik ser vi at det å gjere eit markert språkval kan indikere både ei forhandling om talaren sin identitet, og om talaren sin relasjon til den andre i interaksjonen.

Haavik Nilsen (2005) tek eit relativt klart standpunkt om at det bidialektale mønsteret *ikkje* skuldast språklege strategiar (som markertheitsteorien), men at det er snakk om eit automatisert mønster. Dette meiner ho i det minste at gjeld hennar eigen kodeveksling. Ho understrekar fleire gongar at ho i utgangspunktet hadde eit heilt naturleg forhold til bidialektismen, men at eksterne reaksjonar har gjort det vanskeleg for henne.

«[...] jeg ønsket [helst] at vekslingen skulle forbigås i stillhet, ikke nevnes i det hele tatt. Jeg har aldri blitt mobbet eller ertet av ‘fiender’, men mer plaget av vennligsinnedes gemyttlige herming» (op.cit. 2005:16).

Ut frå desse sitata er det nærliggjande å trekkje den slutninga at all merksemd om kodevekslinga hennar blir opplevd i negativ retning, og at alt medvit om at kodevekslinga skjer, er uvelkommen. Å forstå dei to dialektane som «berarar» av dei ulike rollene den bidialektale har i ulike relasjonar, slik eg nettopp har føreslått, er eit alternativ til «automatikken» som Haavik Nilsen skriv om (op.cit.). Det utelet ikkje at ho kan *oppleve* at vekslingsmønsteret hennar er automatisk og «ufravikelig» (op.cit.). Ettersom det å kodeveksle med ulike personar er det som kjennest mest naturleg for henne, kan vi forstå Haavik Nilsen sitt ynskje om «fred» som ei støtte til tanken om at dei to dialektane har ulik symbolverdi.

Ynskjet hennar om å få kodeveksle i fred kan forståast som eit ynskje om å «sjå bort frå» dei eksterne forventingane om dialektval, og den implisitte «beskjeden» om å nærme seg eller ta avstand frå samtalepartnaren. Det kan vere eit ynskje om å ikkje måtte gå inn i identitetsforhandlingar, men å få snakke «fritt» etter eit kodevekslingsmønster som ho i utgangspunktet oppfattar som nøytralt. Det kan rett å slett vere eit ynskje om å få utøve sitt føretrekte språkmønster, utan å ta stilling til kva det kan ha å seie for roller og relasjonar. Det at Haavik Nilsen opplever dette så sterkt, meiner eg vi kan tolke som at *ho også* har ei formeining om dei ulike signala kodevekslinga blir opplevd å ha, sjølv om ho ikkje kjenner seg igjen i motiva ho meiner ho blir tillagt. Vi kan spørje oss om Haavik Nilsen hadde hatt noko problem med å følgje sitt internaliserte mønster, dersom kodevekslinga ikkje har ein symbolfunksjon? Der Haavik Nilsen ser på ubehaget som eit teikn på ein automatikk i den språklege praksisen, er det også mogleg å sjå på ubehaget som eit teikn på at dei to dialektane

*symboliserer* ulike sosiale posisjonar, roller og relasjonar, og at ei språkleg handling såleis også blir opplevd som ei *sosial* handling. Slik kan vi forstå at ei kodeveksling kan symbolisere ei endring i ein relasjon eller ei rolle, noko som openbert kan opplevast som ubehageleg.

### Kapittel 7.7.1 - Bidialektisme som inkludering, ekskludering og relasjonsmarkør

Forholdet mellom June og den eldre systera utmerkar seg som eit sentralt aspekt ved hennar bidialektisme. Ho understrekar mange gongar at ho har sett opp til systera, at det har vore stas å få vere i lag med henne. Sidan systera er fleire år eldre, og mesteparten av tida har budd andre stadar, har møtene vore relativt sjeldne. Det ser ut til at dette har forsterka opplevinga for June, sidan ho fekk reise åleine til Oslo eller utlandet for å besøke storesyster.

[...] Eg snakkar jo bergensk med søstera mi. Og eg trur at litt av grunnen til det er at ho var veldig sjeldan heime. Så eg prøvde på ein måte å ha eit litt spesielt forhold til henne, fordi at når ho kom heim slåss heile familien om å vera med ho. Spesielt eg, mamma og bror min. Og då ville eg ha noko med ho, som ingen andre hadde. [...] Sånn som med meg og bror min, så hadde eg noko han ikkje hadde i forholdet til ho.

*Det blir ein måte å halde kontakten på, kanskje? Sjølv om det er lenge sidan de har truffe kvarandre og sånn.*

Ja. [...] [V]ekslinga er mellom meg og søstera mi. Noko eg har brukt for å halda på det gode og tette forholdet me har (June).

June fortel vidare om kva kommentarar ho har fått på kodevekslinga frå andre, og korleis ho har reagert:

*Har du tenkt noko om det seinare?*

Eg har jo fått mange kommentarar på det. Nokon synest det er kult, og nokon synest det er skikkeleg teit. Det har vore sånn «Du treng ikkje å tru at du er noko berre fordi du kan snakka bergensk, altså». Men det kan jo ha med at eg er frå ein liten plass. Ja, så det har jo vore litt kommentarar på det. Men eg har eigentleg ikkje brydd meg om det, fordi eg har følt at, eg har hatt ei storesøster, ho er jo åtte år eldre enn meg, som ikkje har budd med oss, ho har budd i Bergen, og så har ho flytta til Oslo, og så har eg fått reisa åleina til Oslo for å besøka ho, og så flytta ho til utlandet. Og eg har alltid følt at ho har vore litt kulare enn alle andre sine søsken. Så det har på ein måte ikkje vore noko problem at dei har komme med dei kommentarane (June).

Det er tydeleg at June har beundra systera stort. Ho er eldre enn henne, ho har budd i store byar og har vore eit førebilete for June. Denne systerlege «idoliseringa» har betydd så mykje for henne at negative kommentarar frå venninner ikkje har gjort særleg inntrykk. Ho har hatt

ein slags garanti for at kodevekslinga har vore ok, sidan systema er med på det. Slik ser vi at negative tilbakemeldingar ikkje har ført til eit press om identitetsforhandlingar i stor grad. Ho har nemleg fått positive tilbakemeldingar frå systema, og vi kan sjå det slik at desse har betydd nok til at June har opplevd eit samsvar mellom den subjektive og objektive identitetskjensla, uavhengig av dei jamngamle sine tilbakemeldingar.

Det June gir uttrykk for, er ei kjensle av *fellesskap* med systema, basert på, og forsterka av, dialekta dei deler. Språk er nettopp noko som gir ei kjensle av fellesskap og tilhøyring (Sandøy 2003). Språk kan bli brukt som ein utskiljingsmarkør. Det kan vise skilnaden på *oss* og *dei*, *vi* og *dei andre* (op.cit.). Purismeomgrepet (kapittel 7.6) kan brukast til å forklare desse mekanismane, der det *reine* er det som kjenneteiknar gruppa, og det *ureine* er det som ikkje høyrer til (op.cit.). Denne måten å bruke purismeomgrepet på har vel strengt tatt mest blitt brukt til å skildre språknormering og språkstandardisering, men eg ser verdien i å overføre det til å skildre kjensla av fellesskap June kjenner med systema. Bergensken får rolla som «det reine», og ved å bruke denne dialekta opprettheld June forholdet mellom dei to. Silje fortel om noko som kan tolkast i same retning:

[...] Og elles så... det kjennest vel litt som om det er meir familiært og personleg dersom eg snakkar nordmøring med familien min som er nordmøringar, då. Det er liksom **vårt** sitt språk. Det er litt som at nokon må du snakke engelsk med, for at, fordi dei forstår det. På same måte trur eg at eg underbevisst tenker at viss mamma skal forstå meg, så må eg snakke nordmøring. Elles går det ikkje an å kommunisere med ho.

*Så det har noko med relasjonen å gjere...*

Ja! Eg trur det, det ja, det er litt sånn, ja, at det er litt sånn, kan samanlikne det med at viss du har ei venninne som der begge likar Spice Girls, og så viss du sluttar å like Spice Girls, så kanskje du latar som om du likar dei fortsatt.

*Ja, for å halde på vennskapet...*

Ja (Silje, mi utheving).

Nordmørsken er noko som høyrer til familien, og Silje gir tydeleg uttrykk for at nordmørsken betyr noko spesielt for bandet mellom dei. Analogien om å late som ein likar Spice Girls for å halde på eit vennskap, kan høyrast ut som noko av det same som June fortel. Å snakke den dialekta relasjonen er bygt på blir som ei bru mellom det som var før, og det som er no. Slik

opplever dei at dei kan halde på eit vennskap, oppretthalde ein kontakt som sjeldan blir pleia, eller unngå at ein nærleik blir fjern. Dialekta blir i kraft av dette nærast som ein markør på rollene ein går inn i, og rammene for den gitte relasjonen. Slik sett er det mogleg å kalle dialektane til ein bidialektal for *relasjonsmarkørar*, rett og slett ein auditiv «merkelapp» om kven dei *er* i den gitte relasjonen. Ingunn har også ein liknande fortelling, men hennar handlar om å slutte å bruke den dialekta relasjonen opprinneleg var bygt på:

[...] for eksempel en god venninne som jeg har fra tidligere, der dette alltid har vært et dilemma. Nå er det ikke det lenger, nå snakker jeg faktisk østnorsk med henne. Av en eller annen grunn har det bare blitt sånn. Men der har jeg nok kjent på i en del sammenhenger at nå blir det veldig feil. Det at jeg nå snakker østnorsk med henne, det er feil. Og da tenker jeg også at hun sikkert synes det er rart. Men jeg har likevel gjort det. Og så har jeg gjort det så mange ganger etterhvert at nå er det greit.

*Kvifor følte du at det blei feil?*

Nei, fordi man distanserer, ikke fra henne, men man endrer relasjonen på en eller annen måte. Eller, ja, gjør noe med det, som har vært tufta på at vi snakker begge nordtrøndersk sammen, men nå gjør ikke jeg det lenger, at man på en eller annen måte distanserer seg fra hverandre, selv om det overhodet ikke er intensjonen der. Så, jeg vet ikke. Og så er det noe med å føle at man snobber opp (Ingunn).

Her ser vi eit døme på korleis det kjennest å bryte *felleskapet* språket skaper. Ingunn kjenner at relasjonen endrar seg, og opplever at forholdet til venninna blir mindre tett. Kodevekslinga kan ha ein *inkluderande* funksjon, men det er tydeleg at informantane mine hadde eit medvit om kodevekslinga sin *ekskluderande* funksjon også.

«Eg har jo merka veldig at dersom me har krangla heime, og søster er der, så er det veldig lett å signalisera kven eg snakkar til. Hvis eg for eksempel har hatt ein diskusjon med mamma, og så kjem søstera mi inn, så kan eg veldig lett styra mitt fokus mot søstera mi, eller mot mamma ved å veksla dialekt. Hvis eg for eksempel ikkje er interessert i å snakka med broren min, kan eg veldig tydeleg snakka bergensk med søstera mi.»

(June).

Slik ser vi at den funksjonen kodevekslinga har til å skape eit fellesskap mellom dei som snakkar same dialekt, også kan brukast til å markere kven som *ikkje* får vere med. Tora fortel om den same kjensla:

«Eg har sett for meg sånn, viss eg ein gong skal gifte meg, og holde tale, kva for ei dialekt skal eg prate då? Skal eg prate bodøværing til min familie, og trøndersk til kjæresten min sin familie? [...] Det er litt vanskelig, for eg syns ikkje det er noko ubehagelig at mamma og pappa høyrer at eg pratar trøndersk, men eg føler at skiftar eg dialekt, så blir det veldig **tydelig kven eg pratar til**, så det blir meir sånn at eg gir oppmerksomheten til *den* personen akkurat no, så dersom eg skal halde tale til så mange forskjellige folk, og ingen skulle bli **støytt**...»

(Tora)

Tora introduserer her eit nytt perspektiv på kodevekslinga: han er i konflikt med ynskjet om å vere *høfleg*. Ho opplever at val av dialekt sender sterke signal om kven du vender deg til, kven du har tenkt å *inkludere* i samtalen. Der «representantar» for begge dialektane er til stades, opplever ho det som svært lett å «støyte» nokon. Dette ser ut til å byggje opp under antakinga om dialekt som ein inkluderingsmekanisme, sidan Tora opplever det som vanskeleg å unngå *eksklusjon* når ho kodevekslar.



## Kapittel 8.0 – Avrundande refleksjonar

I avrundinga skal vi gå tilbake til den fascinerte faren i kapittel 1. Han meinte at dottera sin bidialektale praksis var som fargeskiftet til ein kameleon. Av denne samanlikninga følgjer det at det å veksle mellom dialektar vil vere det same som å skjule ein del av seg sjølv, men også ein måte å passe inn på. Nokre av informantutsegnene støttar denne antakinga. Tora meiner til dømes at ho ikkje viser foreldra den meir frigjorte og vaksne delen av seg sjølv, sidan ho snakkar bodødialekt til dei. Ingunn snakkar standardnært austnorsk fordi ho ikkje vil assosierast med den «harry» stereotypien som følgjer med, og som ho til dels også meiner at mora er ein del av. Silje byrja å snakke trøndersk for å unngå mobbing og passe betre inn, og June meiner at bergensken er noko ho berre treng å dele med systema si. Det finst med andre ord haldepunkt for å seie at informantane skjuler seg ved å kodeveksle, men å påstå at dét er det einaste dei opplever, er ikkje å få med heile biletet.

Som eg har påpeika fleire gongar i løpet av teksten, var aldri målet med undersøkinga å slå fast kjensgjerningar. Det eg har strekt meg etter, er å forstå meir av kva bidialektisme er og *kan* vere, og korleis bidialektale opplever at det er å leve med to norske dialektar.

Informantane har fortalt meg om gode kjensler og ambivalente kjensler, om ubehagelege reaksjonar frå andre, men også om vennleg interesse. Eg har høyrte fleire historiar om korleis dei streva med å halde kodevekslinga skjult i barndommen, men også om kor naturleg dialektmønsteret kan kjennest. Nokre av informantane slit med dårleg samvit for kodevekslinga, og nokre av dei slit med å halde kodevekslinga ute frå samtalar. Det som kjenneteiknar informantutsegnene er at dei fleste aspekta har to eller fleire sider, både frå informant til informant, men også internt i den enkelte informanten. Likevel finst det nokre haldepunkt vi kan trekkje ut av det dei har fortalt meg.

Ei sentral side av temaa vi har vore innom i intervjuet og analysen er korleis informantane opplever at valet av talemål sender signal til omgjevnadene om kven dei *er* og kven dei *vil* vere. Ein tydeleg peikepinn på dette, er at éi av dialektane kan kjennest feil med ulike personar. Alle informantane gir uttrykk for det, sjølv om kjenslene dei har for slike situasjonar varierer. Ein gjengangar i alle intervjuet var medvitte om at det er ekstra «ille» å snakke «feil» dialekt med Mor. For nokre av informantane er det djupt problematisk og vanskeleg, medan det for andre berre er noko dei helst unngår. Informantane fortalte også om korleis dei kan

inkludere og ekskludere folk ved hjelp av å kodeskifte, og korleis dei kan bruke dialekt til å halde på eit godt og tett forhold.

Det ser generelt ut som om dialekt er viktig for informantane si kjensle av fellesskap i nære relasjonar, sidan dei opplever at «noko» skjer dersom dei kodevekslar. Dette kan dei oppfatte som distansering, ekskludering eller å «snobbe opp». På grunnlag av det som kom fram i undersøkjinga, meiner eg at vi kan kalle varietetane for *relasjonsmarkørar*. Med det meiner eg at den bidialektale tilsynelatande opplever at det er eit sterkt samband mellom dei ulike rollene deira, og dialektane dei brukar i desse rollene. Det kom også fram at dialekta som kjennest «rett» å bruke, er den dialekta dei har *grunnlagt* den gitte relasjonen på. Vi kan seie det slik at dialekta både markerer og definerer relasjonen. Noko som kan tolkast som eit tydeleg teikn på dét, er at det å bryte med det forventa dialektvalet kjennest feil. Å velje rett dialekt til folk ein kjenner, kan for ein bidialektal synast å handle om respekt, høflegheit, lojalitet, nærleik og samsvarande identitetskjensle.

Det å forske på norske bidialektale si oppleving av talemål og identitet er interessant, nettopp fordi dei to dialektane er gjensidig forståelege. Sidan det kommunikative føremålet ved å kodeveksle ikkje er like sterkt til stades, har vi moglegheit til å få innsikt i kva dialektvalet *symboliserer* for den bidialektale. Slik får vi også moglegheiten til å få ei djupare forståing av forholdet mellom språk og identitet. Gjennom informantane sine forteljingar ser vi at det intime forholdet mellom identitet og språk kjem tydeleg fram, og at dialektar sin funksjon for å signalisere tilhøyrse, kven vi er og kven vi *vil vere*, er mogleg å gripe.

## Litteratur

- Alfonzetti, G. (1998). «The conversational dimension in code-switching between Italian and dialect in Sicily». I P. Auer (red.): *Code-Switching in Conversation*. New York: Routledge
- Auer, P. (1998). «Introduction to chapter 8». I P. Auer (red.): *Code-Switching in Conversation*. New York: Routledge
- Bourdieu, P. (1991). *Language and symbolic power*. Polity Press
- Blom, G. og Gumperz, J. J (1972). «Språkstrukturers sosiale betydning: om kodeskifte i et norsk lokalsamfunn». I Engh, J, Hanssen, E, Vannebo, K. I. og Wiggen, G. (red.): *Språksosiologi*. Oslo: Universitetsforlaget
- Bloomfield, L. (1993). *Language*. Holt, Rinehart & Winston
- Brunstad, E. (2003). «Det reine språket». I Sandøy, H, Brodersen, R. og Brunstad, E. (red.): *Purt og reint. Om purisme i dei nordiske språka*. Høgskulen i Volda
- Bucholtz, M. og Hall, K. (2010). «Locating identity in Language». I C. Lamas og D. Watt (red.): *Language and Identities*. Edinburgh: Edinburgh University Press Ltd
- Engen, T.O. og L. A. Kulbrandstad. (2004). *Tospråklighet, minoritetsspråk og minoritetsundervisning*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS
- Giles, H. og Coupland, N. (1991). *Language: Contexts and Consequences*. Open University Press
- Giles, H. (1973). «Accent mobility, A model and some data. *Anthropological Linguistics* 15:87-105
- Grosjean, F. (1994). «Individual Bilingualism». I R.E. Asher (red.): *The Eyclopedia of Language and Linguistics*. Pergamon Press
- Haugen, E. (1953). *The Norwegian Language in America. A study on Bilingual Behavior*. University of Pennsylvania Press
- Helgander, J. (1994). Dalmålen i oppløsning – bakgrund och forklaringsmodeller. I: Kotsinas, U. og Helgander, J. (red.): *Dialektkontakt, språkkontakt och språkförändring i Norden: föredrag från ett forskarsymposium*. Institutionen för nordiska språk, Stockholms universitet
- Johansen, Å. M. (2009). «Velkommen te' våres Norge». *En kvalitativ studie av språkbytte og språkbevaring i Manndalen i Gáivuotna/Kåffjord*. Oslo: Novus AS
- Kerswill, P. (1994). *Dialects Converging: Rural Speech in Urban Norway*. Oxford: Clarendon Press
- Korsnes, O. (red.) (1997). *Sosiologisk leksikon*. Oslo: Universitetsforlaget
- Kvale, S. (1997). *Det kvalitative forskningsintervju*. Oslo: Ad Notam Gyldendal AS
- Klynderud, H. E. (1999). *Kodeveksling ved bidialektisme*. Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap, NTNU

- Liebkind, K. (1993). «Tvåspråkighet och bikulturalism – identitet och värderingar». I Mæhlum, B. (red.) (1993): *Hva er identitet? Rapport fra et tverrfaglig seminar ved institutt for språk og litteratur, Universitetet i Tromsø, 7.-8. mai 1992*. Tromsø: Institutt for språk og litteratur. Universitetet i Tromsø.
- McCormick, K. M. (1994). «Code-switching and Mixing. I R.E. Asher (red.): *Encyclopedia of language and linguistics*. Pergamon Press
- Mendoza-Denton, N. og Osborne, D. (2010). «Two languages, two Identities?». I C. Lamas og D. Watt (red.): *Language and Identities*. Edinburgh: Edinburgh University Press Ltd
- Milroy, L. og Muysken, P. (1995). *One speaker, two languages. Cross-disciplinary perspectives on code-switching*. Cambridge University Press
- Myers-Scotton, C. (2006). *Multiple Voices. An introduction to bilingualism*. London: Blackwell Publishing
- Mæhlum, B. og Røynealand, U. (2012). *Det norske dialektlandskapet: Innføring i studiet av dialekter*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk
- Mæhlum, B., Akselberg, G, Røynealand, U. og Sandøy, H. (2008). *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistik*. Oslo: Cappelen Damm AS
- Mæhlum, B. (2007). *Konfrontasjoner. Når språk møtes*. Oslo: Novus Forlag
- Mæhlum, B. (1999). *Mellom Skylla og Kharybdis. Forklaringsbegrepet i historisk språkvitenskap*. Oslo: Novus Forlag.
- Mæhlum, B. (1996). «Codeswitching in Hemnesberget – myth or reality?» *Journal of Pragmatics* 25:749-761
- Mæhlum, B. (1986). *Språklige variasjonsmønstre hos innflyttere i Oslo*. Oslo: Novus
- Nilsen, B. H. (2005). «Er det virkelig deg?» - om identitetsrealisering hos personer med to internaliserte dialekter. Institutt for nordisk og mediekunnskap, Høgskolen i Agder
- Ringdal, K. (2007). *Enhet og Mangfold. Samfunnsvitenskapelig forskning og kvalitativ metode*. Oslo: Fagbokforlaget
- Sandøy, H. (2003). «Språkomgrepet, språkhaldningar og purismen. I Sandøy, H, Brodersen, R. og Brunstad, E. (red.): *Purt og reint. Om purisme i dei nordiske språka*. Høgskulen i Volda
- Siegel, J. (2010). *Second Dialect Acquisition*. Cambridge University Press
- Strømsodd, S.A. (1979): *Dialektholdninger blant folk i to bydeler i Oslo*. Upublisert hovedfagsavhandling, Universitetet i Oslo
- Thagaard, T. (1998). *Systematikk og innlevelse: En innføring i kvalitativ metode*. Bergen: Fagbokforlaget
- Thuen, T. (1993). «Noen sosialantropologiske refleksjoner over etnisk identitet». I Mæhlum, B. (red.) (1993): *Hva er identitet? Rapport fra et tverrfaglig seminar ved institutt for språk og litteratur, Universitetet i Tromsø, 7.-8. mai 1992*. Tromsø: Institutt for språk og litteratur. Universitetet i Tromsø.
- Teigen, K. H. (1993). «Identitetsbegrepet – noen psykologiske refleksjoner». I Mæhlum, B. (red.) (1993): *Hva er identitet? Rapport fra et tverrfaglig seminar ved institutt for språk og litteratur, Universitetet i Tromsø, 7.-8. mai 1992*. Tromsø: Institutt for språk og litteratur. Universitetet i Tromsø.

- Tjora, A. (2010). *Kvalitative forskningsmetoder i praksis*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag
- Skutnabb-Kangas, T. (1981). *Tvåspråkighet*. Liber Läromedel
- Weinreich, U. (1953). *Languages in Contact. Problems and Findings*. Publications of the Linguistic Circle of New York. Number 1



# Vedlegg - Intervjuguide

## 1. Bakgrunn

- Kva år er du fødd i?
- Kor er du oppvaksen? Har du flytta?
- Kva kjensler har du for heimstaden din? Negativt/positivt forhold? Kvifor?
- Kor er foreldra dine frå? Kva dialekt snakka dei til deg?
- Kva for nokre dialektar vekslar du mellom?
- Kva tankar har du om kor "ekte" dei to dialektane er?
- Kor ofte vekslar du i dag?

## 2. Byrjinga på vekslinga

- På kva måte lærte du to dialektar?
- Kor gammal var du då det skjedde?
- Var det eit gjennomtenkt/strategisk val?
- Kva tenkte du om vekslinga? (Stolt? Skam? Umedvite/medvite?)
- Veksla du ope, eller ville du skjule vekslinga?
- Kva reaksjonar fekk du på vekslinga? (Vennar, foreldre, andre). Får du slike reaksjonar fortsatt?
- Kva fekk deg til å veksle?
- Kva får deg til å veksle i dag?

## 3. Vekslingsmekanismen

- Først og fremst: korleis opplever du vekslinga? Automatikk? Eller kalkulerte val?
- Kva får deg til å veksle?
- Kva meiner du sjølv om vekslinga? Positivt/negativt?
- Kva føler du når du skiftar dialekt?
- Kan du fortelje om ein situasjon der du medvite har gått mot den opprinnelege lysta til å veksle/la vere å veksle?
- Korleis er det å "avsløre" den andre dialekta for ein ny person, td. Dersom du møter to personar som kjenner deg gjennom forskjellig dialekt?
- Er det ofte ein motsetnad mellom dei språklege vala du *har lyst til å gjere*, og dei

vala du *faktisk gjer*?

- Kva meiner du er grunnen til at dette skjer/ikkje skjer?

#### 4. Dialekt og kjensler/identitet

- Er dialektane *likeverdige* for deg, eller er ei av dei viktigare?

- Kva er i så fall grunnane?

- Kva for ei av dialektane vel du når du snakkar med folk som ikkje veit kva dei kan

forvente av dialekt frå deg? Kva er grunnen til det? Status? Identitet? Strategi - spele

på assosiasjonane til dialekta?

- Høyrrer dialektane dine heime i ulike sfærer? Til dømes, familie/offentleg, akademisk/triviell, profesjonell/intim? Eller er begge dialektane brukbare i alle situasjonar?

- I så fall: er det menneska i situasjonen som utløyser vekslinga, meir enn sjølve situasjonen?

- Kan du fortelje om når det kjennest behageleg/rett å veksle?

- Kan du fortelje om når det kjennest ubehageleg/feil å veksle?



## Samandrag

I denne oppgåva har eg intervjuet fire jenter som vekslar mellom (minst) to norske talemål i kvardagen. Studien min er interaksjonell og med ei fenomenologisk tilnærming. Det betyr at eg har teke utgangspunkt i korleis informantane opplever sin eigen språklege røyndom, heller enn i strenge lingvistiske definisjonar og kriterium. Målet med oppgåva var å ta del i desse opplevingane, og slik forstå meir av samanhengen mellom bidialektisme og identitet. Slik eg ser det, har ein ved å undersøkje norske bidialektale gode moglegheiter for å «sjå» ein flik av språkets symbolverdi, sidan nordmenn ikkje kan seiast å ha reint kommunikative insentiv for å kodeveksle mellom dialektar.

Eg har mellom anna brukt markertheitsteorien, akkomodasjonsteorien, purismeteori og forskjellige teoriar om identitet, identitetsforhandlingar og omgrepet «autentisering» for å kaste lys over og prøve å forklare dei språklege vala til informantane mine. Sidan studien min undersøker individ, har eg fått mange og ulike svar på spørsmåla eg har stilt. Det er vanskeleg å konkludere med noko fast på eit slikt fundament. Det finst likevel grunnlag for ei analytisk generalisering, og i det følgjande vil eg presentere nokre av funna mine.

I intervjuet snakka vi om sambandet mellom dialektane og informantane si tilhøyrse til staden dialekta kjem frå, om status, stereotypiar, relasjonar, «ektheit» og skuldkjensle. Alle informantane hadde ei klar kjensle av kodevekslinga av og til er «feil». Det å snakke «feil» dialekt med «feil» person er ikkje ein ynskjeleg situasjon for nokon av dei, men dei rapporterte ulik styrkegrad i reaksjonane på ein slik situasjon. Dei har alle til felles at dei ikkje kan tenkje seg å snakke feil dialekt med Mor, sjølv om dei her også har ulike kjensler for ein slik situasjon. Nokre reagerer med sterke kjensler av skam og ubehag, medan andre ikkje har det på same måten. Likevel ville alle unngå det. Det kom også fram at informantane meinte at ei kodeveksling både kunne ha ein inkluderings- og ein ekskluderingsfunksjon. Det er tilsynelatande ein sterk samanheng mellom den bidialektale si kodeveksling og identitetskjensle, relasjonar og roller. Eg vel derfor å kalle dei to dialektane til ein norsk bidialektal for *relasjonsmarkørar*.

